3. Kartlegging av samanfallande energibehov i transportsektoren må gjennomførast, og statleg støtte til utbygging bør styrkast.
4. Støtte til elektrifisering av FOT-ruter frå Ørsta/Volda lufthamn Hovden.

4) Gods frå veg til sjø og bane Første seksårsperiode: 1. Stad skipstunnel. Fylkestinget ber om at dette vert gjennomført i første seksårsperiode. 2. Støtte- og incentivordningar for gods frå veg til sjø og bane vidareførast, utviklast og styrkast 3. Rammevilkåra for hamneselskapa må sikrast slik at dei kan spele ei nødvendig rolle i overgangen knytt til det grønne skiftet. 4. Nytt jernbanespor på 500 meter, frå ny tømmerkai på Nordre kai på Øran Vest, Åndalsnes til Raumabana bør greiast ut i løpet av første seksårsperiode.»

Votering:

Forslaget fremma av Carl Johansen (MDG) fekk 6 røyster (MDG, SV, R) og fall.

Forslaget fremma av Anne Marie Fiksdal (FRP) fekk 13 røyster (FRP, 1KRF, 1H, NML, SUNML) og fall.

Fylkesutvalet si innstilling fekk 31 røyster og blei vedteke, medan 16 røysta (FRP, MDG, 2SV, NML, R, SUNML) imot.

Vedtak i Fylkestinget - 21.06.2023

Møre og Romsdal fylkeskommune forventar at Nasjonal transportplan 2025–2036 får eit meir heilskapleg perspektiv på transportsystemet og legg til grunn at ressursbruken skal gagne alle fylke.

Møre og Romsdal fylkeskommune har følgjande prioriteringar for første og andre periode i NTP 2025–2036:

1) Eit heilskapleg transportsystem – vedlikehald, fornying og drift:

Første seksårsperiode:

Dersom det må reduserast på dei økonomiske rammene, meiner Møre og Romsdal fylkeskommune at størstedelen av midlane skal gå til vedlikehald og fornying av eksisterande offentleg infrastruktur og til å finansiere overgang til nullutslepp i all kollektivtrafikk.

Oppstart av nye prosjekt må da reduserast til å gjennomføre prosjekt som er starta opp, prosjekt som er kritiske for beredskap og framkome og prosjekt som er ferdig regulerte og klare til oppstart i første periode.

Møre og Romsdal fylkeskommune meiner prinsipalt at ramma bør aukast ut over 2023-ramma + 10% for å sikre nødvendig infrastruktur og beredskap i heile landet. Vi har da følgjande prioriteringar:

1. Styrke statlege løyvingar for å redusere vedlikehaldsetterslepet på fylkesveg, inkludert midlar til tunnelsikkerheit og rassikring, i løpet av NTP-perioden. Fylkestinget foreslår at tilskotsordninga blir styrka med minimum fem mrd. kroner årleg i tillegg til tunnel- og rassikringsmidlar fram til vedlikehaldsetterslepet er retta opp. Midlane skal plasserast på tabell C og fordelast etter behov når ny kartlegging er gjennomført.
2. Auka satsing på trafikktryggingstiltak, både på riksveg og fylkesveg
3. Auka rammer til fylkeskommunane for:
 - Overgang til nullutsleppsteknologi i kollektivtransporten, inkludert ferje og hurtigbåt
 - Kollektivsatsing for å kunne velje fleksible og miljøvenlege løysingar også i distrikta
 - Generelle auka løyvingar til drift av ferje og hurtigbåt.
 - Gjere ferjeavløysingsordninga betre.
4. Styrke arbeidet med omstilling i regionbyane, gjennom vidareføring og styrking av tilskotsordninga for mindre byområde utan byvekstavtalar. Ramma på tilskotet må minst vere på same nivå som i dagens NTP, minimum 150 mill. kroner per år og totalt 1,8 mrd. kroner for 2025–2036.

Andre seksårsperiode:

1. Forsterka satsing på mindre investeringstiltak/programområdemidlar for riksveg

2) Eksport- og verdiskapingsvegane:

Første seksårsperiode:

1. Fylkestinget føreset at Nye veier prioriterer E136 Eksportvegen Vestnes – Dombås i første seksårsperiode. Det betyr at prioriteringskriteriet til Nye veier må løfte fram trafikktrygging og næringstrafikk og Nye Veier må også kompensere for den ekstraordinære prisstigninga slik at E 136 Dombås – Vestnes kan prioriterast no.
Mindre prosjekt som er klare til oppstart i første periode og som er avgjerande for beredskap og trafikktryggleik:
2. Sjukehusvegen mellom Kristiansund og Molde, inkludert E39 Bjerkeset–Astad og E39 Årø–Lønset og bypakke Kristiansund
3. E 39 Volda-Furene
Større prosjekt som er avgjerande for trafikktryggleik og å knyte saman bu- og arbeidsmarknader:
4. E39 Ålesund–Molde. Vi foreslår at E39 Breivika-Vegsund blir slått saman med E39 Molde–Ålesund og at planlegging av heile strekninga Vik-Breivika-Vegsund må gjennomførast utan opphald. SVV må få utvida mandat for å finne dei beste løysingane sør for Romsdalsfjorden. Delstrekningar bør oppstartast etter kvart som regulering og prosjektering er ferdig, men det er avgjerande viktig å sikre koordinert utbygging av heile strekninga Molde-Vegsund. Flaskehalsar og trafikktryggingstiltak (t.d. Veibustkrysset) bør gjennomførast snarast.
5. RV 15 Strynefjellet med tilknytning til Geiranger. Planlegging med sikte å oppstart i slutten av første periode.
6. RV 70 Meisingset–Ålvundfossen og Sunndalsøra–Oppdal. Planlegging.

Andre seksårsperiode:

1. Knyte bu- og arbeidsmarknader saman gjennom ferdigstilling av korridorar for E39, E136, RV 70 og RV 15.
2. Finansiering av investering på fylkesoverskridande fylkesvegar og fylkesvegar med funksjon om lag som riksvegar.

3) Omstilling til lågutsleppssamfunnet:

Første seksårsperiode:

1. Statlege støtteordningar til utsleppsreducerande tiltak må vidareutviklast og styrkast.
2. Nullutslepp på Raumabana må prioriterast, samt utbetringstiltak for å mogleggjere større godskapasitet.
3. Kartlegging av samanfallande energibehov i transportsektoren må gjennomførast, og statleg støtte til utbygging bør styrkast.
4. Støtte til elektrifisering av FOT-ruter frå Ørsta/Volda lufthamn Hovden.
5. Kritisk vurdering av løysingar og arealbehov ved utbygging må gjerast i arbeidet med NTP for å unngå nedbygging av dyrkajord og naturmangfald.

4) Gods frå veg til sjø og bane

Første seksårsperiode:

1. Stad skipstunnel. Fylkestinget føreset at prosjektet får startløyving i 2024 og vert gjennomført i første seksårsperiode.
2. Støtte- og incentivordningar for gods frå veg til sjø og bane vidareførast, utviklast og styrkast
3. Rammevilkåra for hamneselskapa må sikrast slik at dei kan spele ei nødvendig rolle i overgangen knytt til det grønne skiftet.
4. Nytt jernbanespor på 500 meter, frå ny tømmerkai på Nordre kai på Øran Vest, Åndalsnes til Raumabana bør greiast ut i løpet av første seksårsperiode.

Bakgrunn

Nasjonale transportplan (NTP) vert revidert kvart fjerde år og er ein plan som i første rekke gjeld statleg infrastruktur. Behova i det fylkeskommunale transportsystemet vert i nokon grad også synleggjort i planen. Regjeringa bestemte i 2022 at framlegging av ny NTP 2025–2036 skulle framskundast med eit år, då deira vurdering var at gjeldande NTP 2022–2033 ikkje lenger er realistisk å gjennomføre. Prosessen er difor både forenkla og forkorta samanlikna med arbeidet med inneverande NTP 2022–2033.

Samferdselsdepartementet og Nærings- og fiskeridepartementet har gitt transportverksemdene i oppdrag å levere analyser og føreslå prioriteringar av ressursbruken i ny plan. Avinor, Bane NOR, Jernbanedirektoratet, Kystverket, Nye Veier og Statens vegvesen sine forslag til prioriteringar vart levert departementa 31. mars 2023.

Transportverksemdene har levert nokre felles rapportar og i tillegg rapportar innan eigne ansvarsområde. Dokumenta vart sendt på høyring 3. april, med høyringsfrist 3. juli 2023.

Departementa ber i sitt høyringsbrev til fylkeskommunane om at prioriterte tiltak vert rangert. Dersom enkeltprosjekt eller tiltak utover det som inngår i forslaget til verksemdene vert spelt inn, ber departementa om ei omtale av finansieringa.

Kommunane i Møre og Romsdal vart invitert til å kome med innspel til høyringsfråsegna frå Møre og Romsdal fylkeskommune, og eit høyringsmøte med kommunar, regionråd, hamneråd, LO og NHO vart gjennomført 21. april. Fleire av interessentane har spelt inn like prosjekt og tiltak, men med ulik rangering. Nokre kommunar har hatt tid til å vedta høyringssvara i formannskap eller kommunestyre, medan andre svar som ligg ved saka er administrative innstillingar som ventar på politisk behandling. Fylkeskommunen har så langt det har latt seg gjere tatt omsyn til innspela. Alle innkomne innspel er lagt ved saka.

nokre leveransar frå transportverksemdene vil ligge føre etter høyringsfristen til Møre og Romsdal fylkeskommune. Dette gjeld nokre tilleggsoppdrag bestilt av departementa med svarfrist innan 1. juni, samt ei oppdatering av talgrunnlaget for prioriteringane som leverast innan 3. oktober 2023. Alle dokument i høyringa og seinare leveransar vil bli publisert på [regjeringa si nettside for høyringa](#). Departementa vil ut i frå leveransar og innkomne høyringsfråsegn utarbeide ei stortingsmelding om NTP. Denne vil bli lagt fram og behandlast våren 2024.

Oppbygging av saka

Saka er bygd opp etter følgande struktur:

1. Vurdering av hovudinnretning og økonomiske rammer
2. Prioriteringar frå Møre og Romsdal fylkeskommune

Under desse overskriftene vil fylkeskommunedirektøren i korte trekk presentere si vurdering av hovudinnretninga og premissene, samt dei økonomiske rammene. Deretter vil innhaldet i høyringsmaterialet som i særleg grad gjeld Møre og Romsdal bli presentert. Til slutt vert fylkeskommunedirektøren si prioritering presentert.

Vurdering

Høyringsfråsegn frå Møre og Romsdal fylkeskommune:

1. Vurdering av hovudinnretning og økonomiske rammer

Planperioden for ny NTP er tolvårig og vil gjelde frå 2025 til 2036. Målstrukturen i NTP er gitt av samferdselsdepartementet, og det overordna målet er eit effektivt, miljøvenleg og trygt transportsystem i 2050. Dei fem måla som er satt er: ein enklare reisekvardag og auka konkurransevne for næringslivet, kostnadseffektivisering, effektiv bruk av ny teknologi, unngå drepne og hardt skadde i trafikken, samt å bidra til å nå Noreg sine klima- og miljømål. Transportverksemdene har i leveransane sine jobba ut i frå måla, og skriv innleiingsvis at det vil vere viktig å først prioritere å ta vare på det vi har, utbetre der vi kan, utnytte eksisterande infrastruktur betre og berre bygge nytt der vi må.

Fylkeskommunedirektøren meiner at denne prioriteringsrekkefølga i større grad burde vere førande for prioriteringane som verksemdene har gjort i leveransane sine. Fylkeskommunedirektøren vil understreke viktigheita av å sjå transportsystemet under eitt, og meiner at ny NTP må adressere dei nasjonale utfordringane uavhengig av forvaltningsnivå. Fylkeskommunedirektøren vurderer at like føresetnader for veg og ferje på riks- og fylkesveg er viktig, til dømes i innhenting av vedlikehaldsetterslepet. Planen bør også i større grad ta innover seg at kysten med hamnene er ein del av infrastrukturen for transport. Beredskapsdimensjonen av desse punkta er viktig.

Fylkeskommunedirektøren si vurdering er at ny NTP ville vore tent med å setje tydelegare overordna mål om eit meir heilskapleg transportsystem, som også i større grad tek inn kollektivtrafikken i vurderingane.

Premiss for arbeidet til transportverksemdene

Departementa held fast på same prioriteringsgrunnlag som sist i oppdraget til verksemdene: samfunnsøkonomisk lønsemd, måloppnåing, løyse oppdaterte utfordringar og løyse delen av dei berekningstekniske rammene som prosjektet er venta å ha.

Møre og Romsdal fylkeskommune har ved fleire høve meldt inn at eksportverdien av gods som fraktast må få ei vekt. Busetting og næringsverksemd utanfor dei befolkningstunge områda bør òg få større vekt. Fokuset på samfunnsøkonomisk lønsemd inneber at plangrunnlaget legg størst vekt på effektivisering av transportsystema i sentrale strøk omkring dei store byane. Den store verdiskapinga og dei store eksportverdiane som Vestlandet og Møre og Romsdal står for, vert i liten grad spegla i metodane som skal danne grunnlag for avgjerdene.

Møre og Romsdal er det nest største eksportfylket i landet, og har over fleire år vore blant fylka med størst eksportverdi per sysselsett. Maritime og petroleumsretta verksemdar i ytre delar av fylket sysselset mange, og desse næringane kan klassifiserast som nasjonale og til dels internasjonale tyngdepunkt.

Effektiv kommunikasjon som knyt saman bu- og arbeidsmarknadsregionane, og infrastruktur for transport inn og ut av fylket og i fylket er svært viktig for Møre og Romsdal. For at transportkorridorane skal fungere for langdistansetraffikk, er det viktig at korridorane har ein høg standard for rask og sikker framføring. Låg fart i korridorane gir dårleg transportøkonomi og høge kostnader for næringslivet, og er til hinder for framvekst av større bu- og arbeidsmarknader. Møre og Romsdal har lite jernbaneinfrastruktur som alternativ til veg. Eit sikkert og tilgjengeleg vegnett er dermed desto viktigare for å sikre framtida til Møre og Romsdal. Prioritering av vegutbetringar og ferjefrie fjordkryssingar er sentralt for å sikre kommunikasjonane og auke produktivitetseffektiviteten i fylket.

Møre og Romsdal fylkeskommune er samd i at samfunnsøkonomisk lønsemd bør spele ei rolle i rangeringane, men metoden må ikkje bli brukt til å rangere prosjekt på tvers av regionar, sidan dette vil favorisere område med høgt folketal. Korleis dette skal løysast og vurderast mellom prosjekt som er kome kort og langt i planleggingsfase, må også bli drøfta. Ein bør arbeide for å utvikle metodar som fangar opp verknader utover transport. Berekraft og beredskap er viktige tema som i større grad bør kome med i kunnskapsgrunnlaget.

Fylkeskommunedirektøren oppmodar òg om at verdsetting av kollektivtransport i samfunnsøkonomiske analyser og i transportmodellane vert vurdert, slik at metodar og modellar i større grad får fram kva moglegheiter som finst ved endringar i kollektivtilbodet. Ei styrking av kollektivtilbodet også utanfor dei største byområda kan bidra til at ein ikkje alltid treng å bygge ny infrastruktur.

Økonomiske rammer

Departementa har i bestillinga til transportverksemdene gitt stramme rammer for prioriteringane. Transportverksemdene har i leveransane sine svart på bestillinga ut frå tre alternative rammenivå:

- Ramme 1: 10 prosent lågare enn 2023-nivå
- Ramme 2: Som 2023
- Ramme 3: 10 prosent høgare enn 2023-nivå

Alle desse rammene er betydeleg meir moderate enn løyvingane som samferdselssektoren har vore vand med dei siste åra.

Møre og Romsdal fylkeskommune innser at det vert trongare rammer framover, men ventar som eit minimum at ramme 3 vert lagt til grunn for det vidare arbeidet med melding til Stortinget.

Ramme 3 vil i størst grad dekke behov til drift og investeringar, og vil vere meir robust for å handtere høg prisvekst, kostnadsauke og beredskapsarbeid i NTP-perioden.

Føreslåtte prioriteringar i høyringsmaterialet som særskilt gjeld Møre og Romsdal
Statens vegvesen har i høyringsmaterialet ikkje prioritert prosjekt i Møre og Romsdal for oppstart innanfor rammene, verken i første eller andre seksårsperiode. Dette gjeld både prosjekt over og under 1 mrd. kroner.

For prosjekt over 1 mrd. kroner har Statens vegvesen revurdert porteføljen frå gjeldande NTP, og har i samband med dette behalde tre prosjekt i Møre og Romsdal i porteføljen:

- E39 Vik–Molde, inkludert kryssing av Romsdalsfjorden. Breivika–Ørskogfjellet og Ørskogfjellet–Vik er føreslått teke ut fordi Statens vegvesen

går inn for å realisere Vik–Molde først, og fordi Ørskogfjellet–Vik ikkje har vedtekne planer.

- E39 Bjerkeset–Astad. Prosjektet er inkludert i porteføljen etter anmodningsvedtak i Stortinget. Prosjektet erstattar utbetring av strekningane Hjelset–Bjerkeset og Bergsøya–Øygarden.
- E39 Volda–Furene. Dette prosjektet har ei kostnadsauke utover styringsmålet, ifølgje Statens vegvesen.

Ingen av desse prosjekta er prioritert for oppstart innanfor nokon av rammene i neste NTP. Samanlikna med porteføljen til Statens vegvesen i 2022 er E39 Breivika–Ørskogfjellet og Ørskogfjellet–Vik føreslått tatt ut, samt Rv. 15 Strynefjellet. Rv. 15 Strynefjellet har ei stor kostnadsauke frå referansekostnaden i grunnlaget til NTP 2022–2033, og planlegging er ikkje igangsett, ifølgje Statens vegvesen. Heller ikkje prosjekt under 1 mrd. kroner i Møre og Romsdal er prioritert i leveransen frå Statens vegvesen.

Statens vegvesen har i tillegg fire forslag til endringar som fylkeskommunen må vere merksam på:

- Tilskotsordninga til vedlikehald på fylkesveg vurderast avvika, då ordninga ikkje har kriterium som kan måle om tilskotet har hatt ønska effekt. Deira vurdering er at midlar til fylkesveg bør fordelast innanfor rammetilskotet og tabell C-midlane.
- Omklassifisere enkelte fylkesvegar til riksveg på bakgrunn av ei kritikalitetsvurdering av vegnettet. Det gjeld vegsamband til samfunnskritiske olje- og gassterminalar og hamner, og forslaget er å setje av midlar til oppgradering og beredskap. Fylkesvegane til Nyhamna, Sture, Kollsnes og Mongstad er nemnt saman med hamna i Trøndelag som aktuelle for omklassifisering til statleg eige.
- Auke tillate totalvekt vogntog (med 6- og 7 akslingar) frå 50 til 53-56 tonn på den delen av riksvegnettet som er opent for tømmertransport med totalvekt 60 tonn. Forslaget vil gjere det mogleg å frakte meir last i kvart vogntog og dermed færre vogntog på vegane, noko som vil gje vesentlege utsleppsreduksjonar.
- Transportverksemdene føreslår å vidareføre byvekstavtaler, belønningsavtale og tilskotsordninga til mindre byområde utan byvekstavtale. Innanfor ramme 1 føreslår verksemdene for sistnemnte ordning ei fireårig ordning med oppstart i andre seksårsperiode, innanfor ramme 2 og 3 føreslår transportverksemdene eit lågare beløp per år i heile tolvårsperioden. Ålesund kommune er inne i denne ordninga.

Nye Veier har i rapporten sin eit prosjekt som særleg gjeld Møre og Romsdal:

- E6/E136 Otta–Dombås–Vestnes er prioritert på 11. plass. Venta status i 2025 er at enkelttiltak er i eller klar for marknaden. Det er ikkje omtalt kor mange og kva enkelttiltak det gjeld. Nye Veier viser til eit arbeid med ei heilskapleg analyse av strekningane med hensikt å utvikle strekninga og heve standarden over ei 20-års periode.

Kystverket har i sin rapport nemnt to prosjekt i Møre og Romsdal:

- For Stad skipstunnel ligg det ei binding på 1860 mill. kroner.
- Innsegling vest Ålesund er nemnt på bruttolista til Kystverket, men er ikkje eit prioritert tiltak. Det same gjeld Flåværlia merking og Røyrasundet til Svædet.
- Tiltak ved Gjørund fiskerihamn og Fosnavåg fiskerihamn er lista opp under tabell med resterande refusjonskrav for forskoteringsavtalar 2025-2030.

Jernbanedirektoratet og Bane NOR har noko ulike vurderingar av prosjekt i første seksårsperiode av ny NTP:

- Bane NOR har fleire og raskare tog på Dovrebana mellom Oslo og Lillehammer som ei av dei prioriterte satsingane, det gjeld ikkje direktoratet.
- Betre kapasitet for kombigods mellom Oslo og Trondheim er prioritert i første periode.
- BANE NOR har gitt ein rabatt på sporavgifter for godstrafikk på visse strekningar, mellom anna til ikkje-elektrifiserte strekningar som Dombås-Åndalsnes. Bane NOR meiner at strekningane ikkje lenger er vesentleg underutnytta og føreslår difor ei gradvis utfasing av rabatten frå og med 2024 og fram til 2028.

Avinor har også nokre vurderingar som er viktige å merke seg:

- Avinor skriv at om utviklinga av den nye generasjonen fly vert forsinka når Dash 8-maskinane som trafikkerer kortbanenettet fasast ut, vil det ikkje vere eigna fly til dagens FOT-rutenett. Dei peikar på at ein ved å legge forhold til rette for null- og lågutsleppsfly vil kunne redusere risiko for manglande tilbod på dagens FOT-ruter.
- Avinor løftar i leveransen sin også fram behovet for nærare vurderingar rundt samanfallande energibehov på tvers av transportverksemdene.

Konsekvensar av prioriteringane frå transportverksemdene

Veg

- Det er vanskeleg å sjå kva konsekvensar omtalen i leveransen frå Nye Veier har for E136 ettersom verken tiltak eller tidspunkt er spesifisert. Prosjektet har over lang tid vore førsteprioritet frå Møre og Romsdal og fylkeskommunen krev at Nye Veier legg fram klare tilrådingar for utbetringstiltaka på strekninga. Tiltaka må prioriterast snarast råd.
- Å dele opp E39 Molde-Ålesund vil ha negativ konsekvens for reisetid og trafikksikkerheit mellom byane. Ei slik oppstyking skaper òg usikkerheit kring når heile strekninga blir ferdig. For å kunne korte ned reisetida må strekninga Vik-Ørskogfjellet som minimum inkluderast i første periode. Planlegging av heile strekninga må halde fram med mål om at heile strekninga blir ferdigstilt samtidig.
- Det vil ha negative konsekvensar med tanke på trafikksikkerheit og reisetid dersom E39 Bjerkeset-Astad og større deler av «Sjukehusvegen» mellom Kristiansund og Molde ikkje blir prioritert i første seksårsperiode. Bygginga av sjukehuset vil truleg vere ferdig i 2025.
- Konsekvensen av å ikkje prioritere E39 Volda-Furene i ny NTP vil vere dårleg trafikksikkerheit og stor risiko for ulukker på strekninga.
- Rv. 15 Strynefjellet er føreslått tatt ut, dette vil få store negative konsekvensar fordi denne strekningar ein av dei tre fjellovergangane med størst tap for næringslivet i dag.
- Statens vegvesen føreslår ei avvikling av tilskotsordninga til fylkesveg. Forslaget inneber ei tilbaketrekking av tilskotsordninga for å ta att vedlikehaldsetterslepet på fylkesvegane som kom i gjeldande NTP. Ei overføring av ansvaret til Kommunal- og distriktsdepartementet vil skape ny usikkerheit om korleis midlane blir fordelt og om ordninga vil vere langsiktig.
- Konsekvensane av å omklassifisere fylkesvegen til Nyhamna til riksveg er i liten grad behandla. Det er viktig å gjere ei systematisk kartlegging av alle vegsamband og hamner som kan vere relevante for omklassifisering. Ålesund hamn og Åndalsnes hamn er to døme på hamner i fylket som kan spele ei rolle i ein krisesituasjon.
- Ei auke i tillate totalvekt til lange køyretøy kan gje vegtransport auka konkurranseevne, med resultat at ei overføring av gods frå veg til sjø og bane skjer i eit mindre omfang enn elles. Dårlege fylkesvegar kan verte mykje dårlegare ved å tillate at lange køyretøy får større totalvekt.
- Å gjere om tilskotsordninga til mindre byområde utan byvekstavtale til ei ordning med utbetaling over 12 år vil vere positivt, men dersom dette held fram som ei fireårig tilskotsordning slik det skisserast innanfor ramme 1, er

det viktig at desse midlane førast vidare frå starten av ny NTP, og ikkje frå 2031.

Sjøtransport

- Det er positivt at Kystverket prioriterer Stad skipstunnel, men det må framleis løyvast midlar til dette i framtidige statsbudsjett for realisering av tunnelen, særleg i lys av utsetjinga

Jernbane

- Det er positivt at Bane NOR vil prioritere fleire og raskare tog på Dovrebana mellom Oslo og Lillehammer i første seksårsperiode og betre kapasitet for kombigods mellom Oslo og Trondheim. Dette vil gagne Raumabana også, men for å auke kapasiteten for godstransport må utbygging av Dombås og Oppdal stasjonar og kryssingsspor prioriterast for å kunne tillate lengre godstog.
- Avvikling av rabatten på sporavgifter vil ikkje bidra til å stimulere til meir gods på Raumabana.

Luftfart

- Konsekvensen av forseinka utvikling av nye fly på kortbanenettet vil vere kritisk, derfor hastar det med støttetiltak til elektrifisering av FOT-rutene.
- Tilgangen på energi er ei viktig problemstilling som det bør gjerast nærare vurderingar om i samarbeid med fylkeskommunane.

2. Prioriteringar frå Møre og Romsdal fylkeskommune

Fylkeskommunedirektøren har prioritert prosjekt på bakgrunn av:

- Prioriteringar i tidlegare vedtak
- Høyringsinnspel
- Utviklingstrekk for samferdselssektoren og målsettingane for Møre og Romsdal
- Måla i Nasjonal transportplan 2025-2036
- Forventningar om fordeling av ressursbruk i dei ulike landsdelane

Fylkeskommunedirektøren tilrår i all hovudsak å stå fast på hovudprioriteringane som vart spelt inn i arbeidet med inneverande NTP 2022-2033:

1. Eit heilskapleg transportsystem der vedlikehald og fornying og drift av eksisterande infrastruktur må prioriterast først
2. Eksport- og verdiskapingsvegane
3. Omstilling til lågutsleppssamfunnet (prioritet nr. 4 i førre innspel til NTP)
4. Gods frå veg til sjø og bane (prioritet nr. 3 i førre innspel til NTP)

På grunn av Møre og Romsdal sine eigne mål når det gjeld klima og miljø prioriterast omstilling til lågutsleppssamfunnet høgare enn overføring frå gods til sjø og bane. Desse to punkta må uansett sjåast i samanheng. Innanfor dei fire hovudprioriteringane har fylkeskommunedirektøren lagt stor vekt på fylkestinget sine prioriteringar i samband med NTP 2022–2033.

Transportverksemdene har ikkje føreslått nokon tiltak eller prosjekt i Møre og Romsdal innanfor første og andre seksårsperiode i sine leveransar.

Fylkeskommunedirektøren er svært kritisk til denne prioriteringa. Det har vore gjennomført svært få prosjekt på statleg infrastruktur i Møre og Romsdal over fleire år. Fylkeskommunedirektøren meiner at nokre prosjekt i Møre og Romsdal må få plass i ny plan av omsyn til fordelinga av ressursbruken i heile landet.

Fylkeskommunedirektøren er klar over at NTP-prosessen er framskunda for å lage ein meir realistisk plan enn inneverande NTP, og at stramme rammer ligg til grunn i høyringsmaterialet. På denne bakgrunn er difor nokre tiltak føreslått overført til andre seksårsperiode samanlikna med vedtaket frå fylkestinget om prioriteringane i NTP 2022–2033.

Utdjupande merknader til dei 4 hovudprioriteringane:

1. Eit heilskapleg transportsystem der vedlikehald, fornying og drift av eksisterande infrastruktur må prioriterast først

Fylkeskommunedirektøren meiner at ny NTP må adressere dei nasjonale transportutfordringane uavhengig av forvaltningsnivå, og at ny NTP bør prioritere oppgradering og vedlikehald av eksisterande vegnett framfor å bygge nye, store veganlegg. Då må like føresetnader for veg og ferje på riks- og fylkesveg ligge til grunn, til dømes i innhentinga av vedlikehaldsetterslepet. Ferjene er ein vesentleg del av det fylkeskommunale vegnettet i Møre og Romsdal. Kollektivtransport bør i ny NTP vere ein del av vurderingane som gjerast, ikkje berre i dei store byane. Planen bør òg i større grad ta innover seg at kysten med hamnene er ein del av infrastrukturen for transport. Hamnene spelar ei viktig rolle for beredskap.

Vedlikehald, drift og oppgradering av fylkesveg

Møre og Romsdal har eit omfangsrikt fylkesvegnett med både veg i dagen, tunnelar, bruer og ferjekaier. Dette er ein viktig del av transportinfrastrukturen i landet, både industri og næringsliv langs kysten er avhengige av eit godt fylkesvegnett, men vedlikehaldsetterslepet er stort på fylkesvegnettet.

Vegvesenet fekk i mars 2022 ei bestilling frå regjeringa om å koordinere ei oppdatering av den nasjonale kartlegginga av vedlikehaldsetterslep på fylkesvegane frå 2013. Statens vegvesen gjorde i 2018 ei kartlegging av etterslepet på fylkesvegane i Møre og Romsdal. Møre og Romsdal fylkeskommune har oppdatert denne kartlegginga no i 2023. Oppdatert kartlegging viser at det vil koste om lag 16,8 mrd. 2023-kroner (inkl. mva) å fjerne etterslepet og gjere tilhøyrande nødvendige oppgraderingar på fylkesvegnettet. Kartlegginga omfattar ikkje kostnader for å rette opp manglande generell vegstandard (kurvatur, stigning, vegbreidde etc.).

Kategori/ vegelement	Etterslep i 2023-kroner (inkl. mva)
Tunnelar	5 286 000 000
Drens- og avløpsanlegg	833 000 000
Vegfundament og vegdekke	1 915 000 000
Vegutstyr og miljøtiltak	3 597 000 000
Bru	3 387 000 000
Kai	1 833 000 000
Totalt etterslep	16 851 000 000

Det store etterslepet skuldast mellom anna at fylkeskommunane etter forvaltningsreforma i 2010 fekk overført 17 200 km riksvegnett, men løyvingane som følgde har konsekvent vore lågare samanlikna med løyvingane til riksvegnettet. I tillegg er det innført krav frå staten som krev auka midlar til drift, vedlikehald og oppgraderingar av fylkesveg, særleg krav knytt til tunnelsikkerheitsforskrifta for fylkesveg, samt rassikring. Dei siste åra har også våtare og villare vår gitt fleire ustabile periodar og hyppigare temperatursvingingar kring frysepunktet i vinterhalvåret. Dette har bidratt til auka behov for midlar til vedlikehald, samstundes gir kostnadsutviklinga mindre vedlikehald for pengane. Konsekvensane av forfallet er mange og samansette. Noko er kritisk for samfunnet, anten ved at menneske i auka grad blir utsett for fare for liv og helse – det er allereie 90 prosent større risiko for å miste livet eller bli hardt skadd på ein fylkesveg enn på ein riksveg, eller ved at veglenkjer blir stengt med påfølgande konsekvensar for næringsliv, arbeidsreiser eller skolegang.

I Noreg er det ca. 38 000 km kommunale vegar, ca. 44 000 km fylkesveg og ca. 10 000 km riksveg. Dette faktum må NTP ta omsyn til, og styrke den statlege finansieringa for å redusere vedlikehaldsetterslepet på fylkesvegnettet. Ifølge

høyringsvar frå KS (Kommunesektorens organisasjon) brukar fylkeskommunane meir pengar på fylkesveg enn overføringane frå staten, og differansen mellom midlane til fylkesveg og til riksveg er betydeleg.

I kommande NTP-periode foreslår Statens vegvesen å auke løyvinga til drift og vedlikehald av riksveg frå 9,3 mrd. til 11,2 mrd. kroner årleg (ramme 3). Fylkeskommunedirektøren meiner at regjering og Storting må ta stilling til kor vidt det er rett å prioritere opp vedlikehald av riksvegnettet, når statens vegnett det siste tiåret har fått betydeleg meir midlar enn fylkesvegnettet og har eit mindre etterslep.

Statens vegvesen foreslår i prioriteringsoppdraget til NTP 2025-2036 å avvikle den øyremarka tilskotsordninga til drift og vedlikehald av fylkesveg, mellom anna på grunn av manglande kriterium for å måle effekt av ordninga. Ved førre rullering av NTP var planen å trappe opp denne ordninga.

Fylkeskommunedirektøren anbefalar å styrke tilskotsordninga med fem mrd. kroner årleg i tolv år for strekningsvis utbetring av fylkesvegane i Noreg. Eit slikt beløp er basert på kva utbetring av veglenker i dagen kostar. Fem mrd. kroner årleg i tolv år er ikkje tilstrekkeleg for å ta att vedlikehaldsetterslepet på fylkesvegane, men vil vere ein god start. Forslaget legg til grunn at midlar til tunnelsikkerheitsforskrifta og skredsikringstiltak held fram som før. Fylkeskommunedirektøren meiner at fem mrd. kroner er eit realistisk beløp. Statens vegvesen ber om to mrd. kroner årleg til riksveg/Europaveg, som utgjer ein mindre del av det offentlege vegnettet. Det er på fylkesveg det skjer flest alvorlege trafikkulykker, statistikken er 23 drepne og hardt skadde på fylkesveg i Møre og Romsdal i 2021 av totalt 33 drepne og hardt skadde i vegtrafikken i fylket.

Om Stortinget vel å avvikle ordninga slik SVV foreslår, så må midlane i sin heilskap overførast til tabell C og fordelast etter andel av vedlikehaldsetterslep. Midlane må ikkje innlemmast i «fylkesvegnøkkelen» i inntektssystemet som målar vedlikehaldsbehov. Det må ikkje settast likskapsteikn mellom graden av vedlikehaldsetterslep og det årlege vedlikehaldsbehovet til fylkeskommunane. Hensikta med ordninga er hjelpe fylkeskommunane med å ta igjen vedlikehaldsetterslepet, og dermed må midlane fordelast etter andel av vedlikehaldsetterslep. Midlar til utbetring av tunnelar, skredsikring og andre naudsynte investeringar må halde fram via tabell C i grønt hefte.

Fylkeskommunedirektøren vurderer òg at det i andre seksårsperiode er viktig å jobbe for forsterka satsing på programområdemidlar for riksveg, og at fylkeskommunane bør få mogelegheit til å påverke prioriteringane som gjerast der.

Omklassifisering av fylkesvegar

Statens vegvesen har i plangrunnlaget foreslått omklassifisering av enkelte fylkesvegstrekingar til riksveg ut frå beredskapsomsyn knytt til olje- og gassinstallasjonar og hamner. Å styrke beredskapen er viktig uavhengig av vegeigarskap, men det er vanskeleg å vurdere konsekvensane av forslaget frå Vegvesenet utan fleire detaljer knytt til omfang og økonomi. Fylkeskommunen forventar ei systematisk vurdering av kva hamner og anlegg som er aktuelle for ei omklassifisering. Hamnene og anlegga som nemnast, synest å vere noko tilfeldig.

Samfunnssikkerheitsinstruksen §3 omtalar dei grunnleggande prinsippa for arbeidet med samfunnssikkerheit. Ansvarsprinsippet, likskapsprinsippet, nærleiksprinsippet og samvirkeprinsippet er berebjelkane for organisering og arbeid med samfunnssikkerheit og beredskap. Fylkeskommunane er, som kommunane og staten, i full stand til å ivareta sitt ansvar for kritisk infrastruktur. Forslaget frå Statens vegvesen om å ta over ansvaret for fylkesvegar som går til terminalar og hamner med nasjonale samfunnskritiske funksjoner, harmonerer etter fylkeskommunedirektøren si meining lite med prinsippa som er vist til over.

Trusselbildet i dag med mellom anna «hybride aksjoner» kan gi diskusjonar om kva objekt som er kritiske og som staten skulle ta over.

Det er bra at Statens vegvesen synleggjer betydninga av at samferdselsinfrastruktur får tilstrekkeleg kapasitet til denne type installasjonar/anlegg. Fylkeskommunedirektøren er einig i at det er behov for midlar til slike strekningar. At både kommunane, fylkeskommunane og staten held fram med å forvalte sine ansvar, vil etter fylkeskommunedirektøren si meining bidra til å styrke totalforsvaret. Staten kan sikre dette på ulikt vis:

- Auke overføringane til fylkeskommunane
- Øyremerke statlege midlar for å ivareta vegar til samfunnskritisk infrastruktur
- Statleg overtaking (omklassifisering)

Fylkeskommunedirektøren er ikkje einig med Statens vegvesen sitt forslag om å gå rett på alternativ 3. Med bakgrunn i prinsippa for arbeidet med samfunnsikkerheit og beredskap, og tanken om å styrke det norske totalforsvaret, meiner fylkeskommunedirektøren at alternativ 1 eller 2 bør veljast. Fylkeskommunedirektøren meiner at det ikkje er naudsynt å pålegge fylkeskommunane arbeid med dei oppgåvene som her er omtala, men at dette handlar om å sette fylkeskommunane i stand til å utføre oppgåvene. Dette kan skje gjennom passande tilskotsordningar, etter prinsipp som tidlegare er prøvd ut. Kostnadene vil vere like, uavhengig av vegeigar.

Kollektivtransport

Kollektivtransporten må få ein meir sentral plass i NTP, den kan mellom anna bidra til å redusere behovet for ny veginfrastruktur. Dette er viktig for å nå mål knytt til eit meir berekraftig samfunn, særleg knytt til klima- og miljømål Noreg er forplikta til å innfri. Kollektivtransporten må i NTP-samanheng vere ein del av vurderingane på alle område, ikkje berre knytt til omstilling til lågutsleppsamfunnet i og rundt dei store byane, men også inngå som eit konsept i alle KVU-ar der det er relevant. Fylkeskommunedirektøren oppmodar om at verdsetting av kollektivtransport i samfunnsøkonomiske analyser og i transportmodellane vert vurdert, slik at metodar og modellar i større grad får fram kva moglegheiter som finst ved endringar i kollektivtilbodet.

Fylkeskommunedirektøren meiner vidare at NTP må sjå på moglegheita for å få på plass ordningar som bidreg til:

- Auka rammer til fylkeskommunane for overgang til nullutsleppsteknologi i kollektivtransporten, inkludert ferje og hurtigbåt.
- Kollektivsatsing for å kunne velje fleksible og miljøvenlege løysingar også i distrikta.
- Generelle auka løyvingar til ferjedrifta.

Dette vil vere viktig for å legge til rette for eit tilgjengeleg og grønt kollektivtilbod også i distrikta og hjelpe fleire byar til å endre transportmiddelfordelinga.

Vidareføring og styrking av tilskotsordninga for mindre byområde utan byvekstavtalar

Tilskotsordninga for mindre byområde er i dag øyremerka regionbyane Bodø, Ålesund, Haugesund, Arendal/Grimstad og Vestfoldbyen (Tønsberg, Sandefjord og Larvik). I 2023 vart det tildelt eit eingongsbeløp på 30 mill. kroner, delt likt mellom Ålesund og Bodø. I høyringsmaterialet til ny NTP foreslår transportverksemdene å vidareføre både byvekstavtalar, belønningsavtale og tilskotsordninga til mindre byområde. For regionbyane som omfattast av sistnemnte ordning, skriv verksemdene at løyvingane som er gitt ser ut til å ha gitt auka fokus på nullvekstmålet i desse byområda. Verksemdene meiner at det er betre med et

lågare beløp per år i heile tolvårsperioden enn ei fireårig ordning slik det er lagt til grunn i inneverande NTP.

Fylkeskommunedirektøren støttar denne vurderinga og meiner støtte over ein 12-årig periode vil gje Ålesund og andre regionbyar mogelegheit til langsiktig planlegging. Det er viktig at ordninga vidareførast utan opphald og ikkje frå 2031 slik forslaget er innanfor ramme 1. Det er òg viktig at ordninga er romsleg nok til å innlemme andre regionbyar som vedtek gjennomføring av bypakker i løpet av NTP-perioden. Ramma på tilskotet bør difor styrkast med 150 mill. kroner årleg for å sikre at det er rom for å ta inn fleire nye byar i ordninga. Som eit absolutt minimum må ordninga vidareførast med 150 mill. kroner per år og totalt 1,8 mrd. kroner for 2025–2036.

Hamner

Kysten med hamnene er ein viktig del av infrastrukturen for transport. Hamnene kan spele ei viktig rolle i ein krise. Fylkeskommunedirektøren merkar seg forslaget til Statens vegvesen om å omklassifisere enkelte vegsamband til samfunnskritiske olje- og gassterminalar og hamner. Konsekvensane av å omklassifisere desse fylkesvegane er i liten grad behandla. Dersom dette blir aktuelt er det viktig å gjere ei systematisk kartlegging av alle hamner som kan vere relevante for omklassifisering på grunn av samfunnskritisk status. Møre og Romsdal har fleire hamner og terminalar som kan vere viktige i ein krisesituasjon. Med tanke på omstilling til lågutsleppssamfunnet vil det òg vere viktig at staten bidreg til utbygging av ladeinfrastruktur ved hamner. Dette vert omtala under eige punkt om omstilling til lågutsleppssamfunnet.

2. Eksport- og verdiskapingsvegane

Første seksårsperiode:

E136 Eksportvegen Ålesund–Dombås

E136 gjennom Romsdalen er hovudtransportåra inn og ut av fylket mot Austlandet og er den mest trafikkerte aust-vest strekninga i landet, både i tal bilar og tal tunge køyretøy. Dette er ein særskild viktig eksportveg for næringslivet i store delar av fylket, strekninga har ein høg del lange køyretøy. Strekninga er prega av bratt stigning, smal veg og fleire flaskehalsar (mellom anna jernbaneundergangar). Lange køyretøy har problem med å halde farta i dei bratte stigningane. Om vinteren gjer kombinasjonen av bratt stigning og krappe kurver at lange køyretøy kan få problem med å komme opp bakkane. Utbetring av E136 Romsdalen vil auke både framkome og trafikksikkerheit betydeleg. Nye Veier AS ser utbetring av E136 Ålesund–Dombås i eit 20-årsperspektiv. Fylkeskommunedirektøren meiner at dette er altfor passivt og lite konkret, og forventar at Nye Veier konkretiserer tiltaka for strekninga og presenterer ein tidsplan for gjennomføring.

Fylkeskommunedirektøren føreset at Nye veier prioriterer E136 Ålesund–Innlandet i første del av planperioden 2025–2036.

Sjukehusvegen mellom Kristiansund og Molde, inkludert E39 Bjerkeset–Astad og E39 Årø–Lønset og bypakke Kristiansund

E39 Bjerkeset–Astad er viktig å prioritere som transportveg mellom Kristiansund og det nye sjukehuset på Hjelset, som blir ferdig i 2025. For tilgangen til det nye sjukehuset, omsyn til trafikksikkerheit og reisetid mellom Kristiansund og Molde bør difor dette prioriterast innanfor første seksårsperiode i NTP. Bygging av midtdelar på strekninga Lønset–Hjelset er under arbeid for å sikre framkome og auke trafikktryggleiken på strekninga. E39 Årø–Lønset bør òg planleggast og byggast så snart som mogleg. Det er viktig at bypakke Kristiansund vert igangsett så snart som mogleg etter lokale vedtak og at Statens vegvesen opprettheld økonomisk støtte til denne bypakka, då risiko- og sårbarheitsvurderingar peiker på viktigeita av å prioritere riksveg 70 frå Rensvik til Kristiansund sentrum.

E 39 Molde – Ålesund, inkludert bypakke Ålesund og vidare arbeid med bypakke Molde

Fylkeskommunedirektøren forventar at ambisjonen om utbetra og ferjefri E39 held fram. Strekninga må inn i første seksårsperiode i NTP, og det er vesentleg at både E39 Vik–Molde og E39 Ørskogfjellet–Vik vert prioritert innanfor første seksårsperiode. Å dele opp E39 Molde–Ålesund som føreslått, vil ha negativ konsekvens for reisetid mellom byane og for trafikkssikkerheit på strekninga. Ei slik oppstyking skaper også usikkerheit kring når heile strekninga blir ferdig. For ønska innkorting av reisetid må som eit minimum strekninga Vik–Ørskogfjellet inkluderast i første del av prosjektet. Fylkeskommunen føreset vidare at arbeidet med bypakke Ålesund held fram som planlagd, og at Statens vegvesen opprettheld økonomisk støtte til denne bypakka. Bypakke Molde er ikkje under arbeid no, men vidare arbeid med bypakke Molde bør takast opp att i den komande NTP-perioden.

E39 Volda–Furene

I sentrum av Volda medfører trafikken store miljølemper både for dei som bur langs vegen og for dei som går og sykklar. Det er også dårleg framkome for kollektivtrafikken på grunn av smale vegar og tett trafikk. Volda–Furene er viktig i utbetringa av E39 for å binde byane tettare saman og redusere reisetida, og ikkje minst for å redusere talet på ulykker mellom Volda og Furene, redusere støy og miljøplager og minske miljøbelastninga frå tungtrafikken. Fylkeskommunedirektøren meiner at det vil vere viktig å prioritere E39 Volda–Furene i første seksårsperiode.

E39 Breivika–Vegsund

Denne strekninga er ein massiv flaskehals i rushtida, der både bilistar, kollektiv- og næringstrafikk står i same kø. Trafikkmengda har auka betydeleg dei siste ti åra, og auken vil truleg halde fram grunna fortetting i indre Ålesund. Det hastar difor å få på plass ein robust Europaveg gjennom området, samt styrke insentiva for å få fleire reisande til å velje kollektivtransport og samkøyring.

Korridor RV 15 Strynefjellet med tilknytning til Geiranger

Fylkeskommunedirektøren meiner det er viktig at staten framskundar arbeidet med riksvegen over Strynefjellet. Denne vegen har i dag store negative konsekvensar for landet, då dette er ein av dei tre fjellovergangane med størst tap for næringslivet. Strekninga er stengd relativt ofte. Det er difor heilt sentralt å få fortgang i arbeidet med denne strekninga. Som eit stort eksportfylke er det kritisk for Møre og Romsdal at RV 15 over Strynefjellet vert prioritert i første seksårsperiode i NTP.

RV 70 Meisingset-Ålvundfossen og Sunndalsøra – Oppdal

Riksveg 70 er stamvegen mellom Kristiansund hamn og tilgang til jernbane og E6 på Oppdal. Meisingset–Ålvundfossen ligg inneklemt mellom to utbetra strekningar utan gul midtstripe og med skarpe svingar.

Også strekninga vidare gjennom Sunndal og til Oppdal Rv70 er viktig for næringsliv og folk, med tilgang til E6 og jernbane. Ein utbetra riksveg frå Kristiansund hamn til Oppdal kan bidra til å få meir godstransport over på sjø og jernbane.

Andre seksårsperiode:

Knyte bu- og arbeidsmarknader saman gjennom ferdigstilling av korridorar for E39, E 136, RV 70 og RV 15

Fylkeskommunedirektøren meiner at alle desse korridorane bør vere prioritert for ferdigstilling i løpet av siste seksårsperiode. Likeins vil finansiering av investering på fylkesoverskridande fylkesvegar og fylkesvegar med funksjon om lag som riksvegar vere viktig å prioriterer. Dette gjeld til dømes FV 65, 64, 61 og 60.

3. Omstilling til lågutsleppsamfunnet

Første seksårsperiode:

Statlege støtteordningar til utslippsreducerande tiltak må vidareutviklast og styrkast

Fylkeskommunedirektøren støttar målsettingane om meir miljøvennlege løysingar i kollektivtransporten og transportsektoren, men stiller spørsmål om korleis dette skal finansierast innanfor tronge rammer. Møre og Romsdal har elektrifisert ein viss del av ferje- og bussdrifta, men ein god del står att. Med allereie store underskot meiner fylkeskommunedirektøren at det vil bli særst vanskeleg å ta kostnaden knytt til ny teknologi innanfor dei nasjonale måla som er sett i høve innfasing av nullutslipsteknologi. Det er difor naudsynt med statlege støtteordningar til utslippsreducerande tiltak som vidareutviklast og styrkast.

Nullutslepp på Raumabana, samt utbetringstiltak for å mogeleggjere større godskapasitet

Transportkostnadene for Raumabana er høge fordi den brukar fossilt diesel som energiberar. Når Bane NOR no føreslår å avvikle rabatten på sporavgift på ikkje-elektrifiserte strekningar, er det naudsynt å få fortgang i arbeidet med ein meir klimavenleg energiberar på denne bana. Dette er viktig for å behalde godstransporten som i dag køyrer på Raumabana. Raumabana er tidlegare spelt inn som forsøksstrekning for elektrifisering eller del-elektrifisering.

Norwegian Hydrogen har saman med Onrail fått tilskot til å greie ut mogelegheitene for hydrogen som energiberar på Raumabanen. Ei utprøving av dette vil truleg krevje lovendringsar. Dette bør greiast ut. Det er òg behov for infrastrukturtiltak og investeringar som utbygging av Dombås og Oppdal stasjonar og enkelte sporkryssingar for å kunne køyre lengre godstog på Dovre- og Raumabana.

Kartlegging av samanfallande energibehov i transportsektoren må gjennomførast, og statleg støtte til utbygging bør styrkast

Avinor løftar i leveransen sin fram utfordringane med tilgang på energi, då elektrifisering skjer innan mange område no. Avinor tilrår at det blir gjort nærare vurderingar av samanfallande energibehov. Fylkeskommunedirektøren meiner at dette er eit viktig forslag. I vidare arbeid med vurdering av samanfallande energibehov vil det vere sentralt at fylkeskommunane tek del i ei slik kartlegging og vurdering koordinert av staten. For Møre og Romsdal er utbygging av straum til område med spreidd busetnad og som også har transportknutepunkt viktig, til dømes lufthamn, ferje og hamner. Dette vil vere særst viktig for overgangen til klimavenleg transport.

Støtte til elektrifisering av FOT-ruter frå Ørsta/Volda lufthamn Hovden

Fylkeskommunedirektøren legg merke til at Avinor skriv at det ikkje vil vere eigna fly til å operere på dagens FOT-rutenett dersom den nye generasjonen fly vert forsinka når Dash 8-maskinane vert fasa ut. Ved å legge forholda til rette for null- og lågutsleppsfly vil risikoen bli redusert.

Støttetiltak til elektrifisering av FOT-rutene hastar difor. Flyruter frå Ørsta/Volda lufthamn Hovden er godt eigna som pilotstrekningar og bør få støtte til å prøve ut dette.

Kritisk vurdering av løysingar og arealbehov ved utbygging for å unngå nedbygging av dyrkajord og naturmangfald

Naturen er under press, og fleire naturtypar står i fare for å forsvinne. I Møre og Romsdal er 76 naturtypar oppført på raudlista som truga eller nær truga. 25 prosent av alle viltlevande, pollinerande insekt i Noreg er også oppført på lista. Nedbygging og fragmentering av areal er det som har størst negativ påverknad på naturtypar og artar. Møre og Romsdal fylkeskommune har nyleg vedteke ein ny fylkesstrategi for attraktive byar og tettstader. Denne strategien seier mellom anna at ein for å oppnå arealnøytralitet, skal restaurere anna areal til tilsvarende verdi dersom nedbygging av verdifullt landskap er uunngåeleg. Slike vurderingar bør

også ligge til grunn for staten og transportverksemdene sine vurderingar i NTP og elles.

4. Gods frå veg til sjø og bane

Det har sidan 1990-talet vore eit uttrykt politisk mål å flytte godstransport frå veg til sjø og bane som følgje av negative konsekvensar av godstransport på veg. Målet vert ikkje spegla i NTP-systemet, kor gods på sjø knapt utgjer 2 prosent av ramma. Jernbane har totalt sett ein større del av ramma i NTP, men her er prioriteringane knytt opp til dei store byane. Fylkeskommunedirektøren vil prioritere:

Stad skipstunnel

Fylkeskommunedirektøren legg til grunn at tiltaket vert gjennomført innan første seksårsperiode, trass signal frå regjeringa om utsetjing av arbeidet. Realisering av skipstunnelen vil bidra til betre sikkerheit og framkome på ein av dei mest vêrharde strekningane i den norske skipsleia. Skipstunnelen vil kunne tilby eit fleksibelt og moderne sjøtransporttilbod som kan konkurrere med vegtransport, også på kortare distansar.

Styrke støtte- og incentivordningar for gods frå veg til sjø og bane

For å gjere sjø- og godstransport meir attraktivt, er effektivisering av omlastinga frå veg til bane og sjø viktig. Det er òg viktig å betre tilkomstvegane til jernbaneterminalar og hamner. Ålesund hamn som er ei av dei største containerhamnane i Noreg, har store utfordringar knytt til tilkomstveg. Det er òg viktig å utvikle infrastruktur for energi knytt til hamnene. Staten bør bidra med finansiering av ein slik infrastruktur, då ei slik utbygging er for kostbart for kommunane og hamnene aleine. Dette vil på sikt bidra til at sjø- og godstransport blir meir attraktivt. Hamnene er også samfunnskritisk infrastruktur.

Utviklinga av Dovrebana og Raumabana er viktig for å sikre effektiv godstransport i Midt-Noreg og på Nordvestlandet. Framføringstida for godstog frå Åndalsnes til Alnabru terminal er i dag for lang. Infrastrukturen på banene legg ikkje til rette for tilstrekkeleg lange godstog, og dei tildelte ruteleiene er ikkje tilpassa behovet til næringslivet. Vesentlege tiltak for å betre kapasiteten vil vere investeringar på Dovrebana mellom Oslo og Trondheim, utbygging av Dombås og Oppdal stasjonar og enkelte sporkryssingar for mogelegheit for lengre godstog. Dette bør prioriterast innanfor NTP-perioden. Nytt jernbanespor på 500 meter, frå Nordre kai på Øran Vest til Raumabana bør greiast ut i løpet av første seksårsperiode av NTP 2025–2036. Molde og Romsdal Havn IKS skal bygge ny Nordre kai på Øran Vest på Åndalsnes i Rauma kommune. Kaia kan bli eit tyngdepunkt for tømmerressursar i Rauma, Vistdal og deler av Vestnes kommune. Det er regulert jernbanespor inn på hamneområdet, og det er dermed lagt til rette for å etablere eit godt samband mellom sjø og bane. Også i beredskapssamanheng er dette eit arbeid som bør vurderast, Åndalsnes hamn har tidlegare vore viktig i krisesituasjonar.

Rammevilkåra for hamneselskapa må sikrast slik at dei kan spele ei nødvendig rolle i overgangen til det grønne skiftet

Strekninga er den mest trafikkerte i fylket. Trafikken er sterkt aukande med kødanning i rushtidene. Det er behov for eit nytt tunnellop (Blindheimstunnelen) gjennom området. Vegsund-Breivika har tidlegare vore inne i NTP. Arbeidet med planlegging må forserast og strekninga må prioriterast i komande NTP.

4.3 Møreaksen, strekninga Breivika-Vik

Møreaksen ligg inne med prioritet i NTP. Sunnmøre regionråd støttar prosjektet. Vi meiner imidlertid at E39 Møreaksen må byggast ut som eitt prosjekt, elles får ein ikkje full effekt av prosjektet. Møreaksen utan samtidig utbygging på strekninga Breivika-Vik vil ikkje vere i samsvar med føresetnadane for prosjektet.

4.4 Flyplasskrysset i Ørsta

Prosjektet gjeld ombygging av dagens T-kryss ved Ørsta-Volda lufthamn til ei rundkøyring. Dagens kryssløysing gir farlege trafikksituasjonar og hindrar kollektivtransporten, då det er stor trafikkmengd på E39 og vanskeleg å køyre inn på vegen. Tiltaket vil gi betre framkome og auka trafikksikkerheit på staden.

4.5 Veibustkrysset i Sula

Krysset er ferdig regulert og har ei velfungerande godkjend teknisk løysing utarbeidd i samarbeid mellom kommunen og Statens vegvesen. Neste steg er prosjektering og anbudsgrunnlag. Det er inne på SVV si liste over mindre tiltak under 200 millionar med estimert oppstart 2028. Sidan denne lista vart laga har ein gjort prosjektet klart til oppstart og det kan difor framskundast.

4.6 Hafast – ferjefri E39

Vi meiner at Hafast må få midlar til vidare planlegging. Det er viktig å oppretthalde ambisjonen om ferjefri E39. Hafast knyter saman den største regionen i fylket, sunnmørsregionen.

5: Tilskotsordning til mindre byområde

Tilskotsordninga til dei fem byområda som ikkje er omfatta av byvekstavtaler, er eit godt verktøy for å nå nullvekstmålet i desse byområda og må difor først vidare i rulling av NTP. Vi stiller oss bak konklusjonen frå transportverksemdene om at midlane bør fordelast i heile tolvårsperioden, men meiner samstundes at ramma då bør aukast til minimum 1200 millionar fordelt på 12 år.

6: Kyst, hamner og farleier

Vi meiner det er viktig å styrke satsinga innan kyst, hamn og farleier. I denne samahengen vil vi trekkje fram to prosjekt som ligg inne i noverande NTP, og som vi ønskjer vidareført:

- Røyrasundet – Svædet, (Herøy og Ulstein kommunar): Utdjuping, ny hovudlei og nye sjømerke.
- Fosnavåg fiskerihamn. Forskotteringsavtale om utdjuping.

Vi meiner at ein må leggje til rette for at meir gods kan gå frå veg til sjø. Ålesund og Gjøvsund hamn er viktige knutepunkt mellom veg og sjø.

7: Vedlikehald av fylkesvegar

Vi meiner det er viktig å følgje opp etterslepet av vedlikehald på fylkesvegnettet. Det bør løyvast midlar i NTP til dette.

8: Riksvei 658 Flyplassvegen Vigra

Denne vegen er ei viktig ferdselsåre mellom Ålesund bysentrum og Vigra flyplass, som er regionflyplass for heile Nordvestlandet. Det pågår ei konseptvalutgreiing som m.a. omhandlar trasèvalg, gangveg over Gjøvsund bru og kryssløysning Ytterland/Gjøvsund.

Med venleg helsing

Vebjørn Krogsæter
Styreleiar

Jan Kåre Aurdal
Dagleg leiar

Kopi: Deltakarkommunane i Sunnmøre regionråd



Møre og Romsdal fylkeskommune
Postboks 2500
6404 MOLDE

Vår referanse
19/16824 23/8002

Dykkar referanse

Sakshandsamar
Arne Runar Vik

Dato
05.05.2023

Nasjonal transportplan 2025 - 2036 - uttale frå Ulstein kommune

Ulstein kommune gjev følgjande uttale til arbeidet med Nasjonal Transportplan:

1. Ulstein kommune støttar prioriteringane frå Statens vegvesen og Nye vegar om å vedlikehalde, vidareutvikle og forbetre eksisterande vegnett framfor å legge opp til nye traséar der dette er mogleg.
2. Ulstein kommune støttar målsettinga om å prioritere prosjekt som gir god samfunnsnytte og/eller bygge sterke bu- og arbeidsmarknader. Ferjefri E-39 og Sulafjordkryssinga er ein del av denne målsettinga, og det er difor viktig at det vert sett av tiltrekkjelege midlar til vidare planlegging og teknologiutvikling sjølv om prosjekta ikkje let seg gjennomføre i komande NTP-periode.
3. Fylkesveg 653 og fylkesveg 61 på strekninga Furene (Volda kommune) og Eidsnes (Sula kommune) via Ulstein og Hareid kommunar må snarast råd omklassifiserast til stamveg i tråd med vedtak om framtidig ny trasé for E39.
4. E136 Ålesund – Dombås er fylket sin viktigaste eksportveg og har ein høg andel tungtransport. Sikker og påliteleg inn og utførsel av varer er viktig for konkurransekrafta til næringslivet. Oppgradering og forbetring av strekninga opp Romsdalen må særskilt prioriterast.
5. Voldatunnelen bør realiserast i første del av planperioden.
6. E39 frå Vegsund til Breivika har svært høg trafikkbelastning og er i dag fylket sin største flaskehals. Strekninga må difor gjevast prioritet og realiserast snarast råd.
7. Kystvegen Ålesund – Bergen, i vårt område fylkesveg 61, er ei viktig ferdsselsåre som knyter saman ein kystregion som representerer høg verdiskaping. Denne strekninga er etter Ulstein kommune si meining viktig i nasjonal samanheng, og bør difor omklassifiserast til riksveg. Det vert for Søre Sunnmøre sin del særskilt peika på kor viktig realisering av Rovdefjordbrua vil vere for å knyte regionen betre saman.
8. Riksveg 15 over Strynefjellet må prioriterast med ny tunnel. Dette er ein viktig trasé for person- og varetransport frå Søre Sunnmøre og Nordfjord. Dagens standard er ikkje tilfredsstillande med tanke på trafikktryggleik og -avvikling.

9. Ålesund Lufthavn Vigra er den viktigaste lufthamna på Nordvestlandet, og den einaste med status som nasjonal lufthavn i fylket. Difor må denne prioriterast særskilt.

10. Arbeidet med Stadt skipstunnel må startast opp snarast råd.

11. Hamnestrukturen bør vurderast for å sikre lønsam transport av varer på sjø.

Uttalen er basert på oversendt informasjon om NTP-prosessen og tidlegare samferdselspolitiske vedtak i kommunen.

Med helsing

Knut Erik Engh
ordfører

Arne Runar Vik
kommunalsjef teknisk etat

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur



VANYLVEN KOMMUNE

Møre Og Romsdal Fylkeskommune
Postboks 2500
6404 Molde

Vår referanse
23/957 23/5052

Dykkar referanse

Sakshandsamar
Kåre Kvangarsnes

Dato
11.05.2023

NTP høyring/innspeil 2023

Kommunestyret har i møte 09.05.2023, sak 40/23, fatta følgjande vedtak:

For å nå målsettjing med NTP må måla vere mest mogleg effektiv, ein må prioritere tiltak som bidreg til auka produktivitet og auka økonomisk vekst.

Vanylven prioriterer til Nasjonal transportplan 2025 -2036:

1. Fullfinansiering av Stad skipstunnel.
2. RV 15 Strynefjellstunnelane, med ei arm til Geiranger.
3. E 39 Volda tunnelen.
4. Ferjeavløysingsmidlar i praksis - erstatte fleire av ferjene med bruer, Rovdefjordsambandet og Sande fastlandssamband.
5. Voldsfjordbrua.

Med helsing

Marte Saure
stabsleiar

Kåre Kvangarsnes
politisk sekretær

Dokumenter er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur

Mottakar
Møre Og Romsdal Fylkeskommune
Postboks 2500
6404 Molde

Kopi til
Hareid Kommune Rådhusplassen 5 6060 Hareid
Herøy Kommune Postboks 274 6099 Fosnavåg
Sande Kommune Rønnebergplassen 17 6084 Larsnes
Sunnmøre Regionråd Iks Postboks 1521 6025 Ålesund

Vanylven kommune
Rådhuset
6143 Fiskå

www.vanylven.kommune.no
postmottak@vanylven.kommune.no

Telfon: 70 03 00 00
Org. nr: 964 978 662

Kopi til
Ulstein Kommune
Volda Kommune
Ørsta Kommune

Postboks 143
Stormyra 2
Dalevegen 6

6067
6100
6153

Ulsteinvik
Volda
Ørsta



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
70/23	Formannskapet	02.05.2023
40/23	Kommunestyre	09.05.2023

NTP høyring/innspeil 2023

Samandrag:

Vanylven kommune fekk 02.03.2023 invitasjon til høyringsmøte med Møre og Romsdal fylkeskommune om prioriteringar i ny Nasjonal transportplan 2025-2036. Møtet blei gjennomført 21.04. 2023 på Teams. Kommunen melde inn følgjande topp tre:

1. Fullfinansiering Stad skipstunnel.
2. RV 15 - Strynefjell tunellane, med arm til Geiranger.
3. Ferjeavløysingsmidlar i praksis - erstatte fleire av ferjene med bruar.

Vanylven spela inn desse sakene som er viktigast frå vårt lokale perspektiv. Samstundes er vi klar over at det vert laga ei samla prioritering frå fylket.

Kommunestyre 09.05.2023

Behandling:

Framlegg frå Rolf Dyb:
Punkt 5. Voldsfjordbrua.

Votering:

Punkta 1 - 4 (tilrådinga frå formannskapet) vart samrøystes vedteke.

Punkt 5 (framlegg frå Rolf Dyb) vart vedteke med 16 røyster mot 3 røyster (Idar Brekke, H, Katrin Brekke Sunde, H, Knut Aksel Thunem, Ap)

KO - 40/23 Vedtak

For å nå målsettjing med NTP må måla vere mest mogleg effektiv, ein må prioritere tiltak som bidreg til auka produktivitet og auka økonomisk vekst.

Vanylven prioriterer til Nasjonal transportplan 2025 -2036:

1. Fullfinansiering av Stad skipstunnel.
2. RV 15 Strynefjellstunnelane, med ei arm til Geiranger.
3. E 39 Volda tunnelen.
4. Ferjeavløysingsmidlar i praksis - erstatte fleire av ferjene med bruer, Rovdefjordsambandet og Sande fastlandssamband.
5. Voldsfjordbrua.

Formannskapet 02.05.2023

Behandling:

Samrøsysstes tilråding som framlegget.

FO - 70/23 Vedtak

Formannskapet tilrår:

For å nå målsettjing med NTP må måla vere mest mogleg effektiv, ein må prioritere tiltak som bidreg til auka produktivitet og auka økonomisk vekst.

Vanylven prioriterar til Nasjonal transportplan 2025 -2036:

1. Fullfinansiering av Stad skipstunnel.
2. RV 15 Strynefjellstunnelane, med ei arm til Geiranger.
3. E 39 Volda tunnelen.
4. Ferjeavløysingsmiddlar i praksis - erstatte fleire av ferjene med bruer, Rovdefjordsambandet og Sande fastlandssamband.

Kommunedirektøren si tilråding:

For å nå målsettjing med NTP må måla vere mest mogleg effektiv, ein må prioritere tiltak som bidreg til auka produktivitet og auka økonomisk vekst.

Vanylven prioriterar til Nasjonal transportplan 2025 -2036:

1. Fullfinansiering av Stad skipstunnel.
2. RV 15 Strynefjellstunnelane, med ei arm til Geiranger.
3. E 39 Volda tunnelen.
4. Ferjeavløysingsmiddlar i praksis - erstatte fleire av ferjene med bruer, Rovdefjordsambandet og Sande fastlandssamband.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet, 02.05.2023 - 70/23

Formannskapet tilrår:

For å nå målsettjing med NTP må måla vere mest mogleg effektiv, ein må prioritere tiltak som bidreg til auka produktivitet og auka økonomisk vekst.

Vanylven prioriterar til Nasjonal transportplan 2025 -2036:

1. Fullfinansiering av Stad skipstunnel.
2. RV 15 Strynefjellstunnelane, med ei arm til Geiranger.
3. E 39 Volda tunnelen.
4. Ferjeavløysingsmiddlar i praksis - erstatte fleire av ferjene med bruer, Rovdefjordsambandet og Sande fastlandssamband.

Saksopplysningar:

NTP for 2025 -2036 er ute på høyring med svarfrist tidleg i mai 2023. Fylkeskommunen har difor ute ei høyring som blei forskottert i og med at det var eit Teamsmøte med fylkeskommunen den 21.04.2023. Det blei der innspelt 3 gode saker til prioritering. Stad skipstunnel nærmar seg byggjestart, etter ei forholdsvis lang førebuing og planlegging i kommunane og Kystverket. Synergi arbeidet pågår for fullt, med tankje på reiseliv, turisme og transportnæringar. Når det gjeld mottak av massar frå tunellen er det gjennom reguleringsarbeid ser ein at Kystverket og Stad kommune er komne opp i 38 millionar, Kinn kommune 19 millionar og Vanylven kommune har rguleringar til omlag 10 millionar. Altså ei satsing på nærmare 70 millionar før ein har starta sjølve arbeidet med tunellen. Vanylven kommune ønskjer å prioritere Stad skipstunnell ikkje minst for beredskapen på havet er denne viktig. Meir av investeringane må kome kysten til gode - kysten er motoren i den norske økonomien. Det er difor viktig at dette kjem med i NTP med ei fullfinansiering av Stad skipstunnel. At vi støttar Stad skipstunnel er vel kjent, og vi vil også støtte fylket sitt krav om utbetring og vedlikehald av fylkesvegar. Ta vare på det vi har, utbetre der vi kan og bygge nytt der vi må.

Strynefjell tunnelane er ei viktig transportåre til austlandet og gjerne nordover og, utbetring av denne flaskehalsen vil vere eit gode som kjem heile Søre Sunnmøre til gode. Næringstrafikken er heilt avhengig av desse tunnelane kjem med i NTP ikkje minst som trafikktrygging for ras og stengde vegar mellom Søre Sunnmøre og Gudbrandsdalen som kostar samfunnet mange pengar ved stopp i trafikken. Ein vil framheve kor viktig RV 15 er for etablering av næringar, logistikk og busetnad. E39 er ein viktig veg og ein må får inn Volda tunnelen i NTP.

For Vanylven kommune er det svært viktig at staten er pådrivar i fleire samferdselsprosjekt som vil vere med å korte ned reisetid mellom destinasjonar, som t.d. Kystvegen Ålesund - Bergen. Ein må sjå på kva samband har å seie for busetting i distrikta, der vi allereie har mest og størst verdiskaping. Ved å bygge fleire bruar, kan vi leggje ned fleire ferjesamband og såleis føre over meir arbeidskapasitet til andre næringar. Skal det byggast fleire bruar, må ferjeavløsningsordningane bli langt betre med ein forutsigbarheit med gode retningslinjer. Når ferjene er avløyst vert det på sikt meir midlar att til fylkeskommunen som kan nyttast til vedlikehald av fylkesvegar. Vanylven sin lokale samband Rovdefjordsambandet og Sande fastlandssamband kan raskare realiserast dersom fylket får meir midlar. Vi vil då sleppe trugselen om å verte skilt frå fylket når ferja ikkje går. Med bru vil vi bli sterkare knytt mot arbeidsmarkanden og dei andre kommunane på Søre Sunnmøre. Forutsigbar framkomelegheit og redusert reisetid, med høg trafikksikkerheit og med minst mogleg negativ verknad på klima og miljø er sentralt.

Vurdering og konklusjon:

Liv og helse er viktige moment i prioriteringar innan NTP og Vanylven prioriterar Stad Skipstunnel, og støttar fylket sitt krav om utbetring og vedlikehald av fylkesvegar. Næringstrafikk, utbetring av flaskehalsar er viktig og difor må Strynefjellsstunnelane og E 39 Volda tunnelen prioriterast. Når ferjesamband blir avløyst vert det meir midlar til fylkeskommunen som kan nyttast til vedlikehald av fylkesvegar, difor viktig at Rovdefjordsambandet og Sande fastlandssamband blir realisert så snart som mogleg. Vanylven kommune spelar inn desse sakene som vi meiner er viktigast frå vårt lokale perspektiv. Samstundes er vi klar over at det skal lagast ei samla prioritering frå fylket, bygg på alle innspela som kjem frå kommunane m.fl.

Likestillingsmessige sider ved saka: ingen kjende

Konsekvensar for folkehelsa: Betre vegar, gjev betre trafikktrygging.

Miljøkonsekvensar: Kortere reiseavstandar.

Økonomiske konsekvensar: Meir midlar til ferjeavløysing.

Beredskapsmessige konsekvensar: Bedre beredskap med gode vegar.
Konsekvensar for barn og unge: Tryggare vegar.

Andreas Chr. Nørve
kommunedirektør

Innspill til ny Nasjonal transportplan (NTP) 2025-2036.

Europaveg 39 Årø – Lønset i Molde kommune– midler til ny vegtrase overfor bebyggelsen i første seks års periode.

Viser til informasjonsbrev fra fylkeskommunen datert 16.01.23 med frist for innspill til ny NPT 2025 – 2036 (5. mai -23).

Veggruppen for øvre vegtrase E 39 Årø – Lønset (i Molde gir) med dette følgende innspill:

Veggruppen har i mange år arbeidet for bygging av en øvre vegtrase overfor bebyggelsen fra Årø til Lønset i Molde kommune (bilde 1) en strekning på 5 km. Vi som bor langs dagen vegstrekning lever hver dag i angst for at våre barn og barnebarn skal bli drept på denne sterkt trafikkerte Europavegen - med mer enn 9000 kjøretøy gjennom vårt bomiljø på yrkesdager (2025)

Fylkestinget gjorde i 2020 følgende vedtak i sak **T 53/20 Nasjonal transportplan 2022-2033. Prioriteringar i Møre og Romsdal** i første seks års periode m.a.:

«E39 Årø – Hjelset. Lønset - Hjelset byggast snarast råd, Årø - Lønset planleggast og startast så snart som mogleg «

<https://mrfk.innsynsportal.no/application/getMoteDokument?dokid=1001766904>

Dessverre ble vegstrekningen fra Årø til Lønset ikke prioritert inn på NTP den videre politiske behandlingen av sentrale politikere, heller ikke til planleggingsmidler. Dette har ført til at det ikke har blitt påbegynt et arbeid på hvordan løse trafikksituasjonen på denne sterkt trafikkerte vegstrekningen. En øvre trase overfor bebyggelsen er vedtatt i Molde kommune sin kommuneplan. Statens vegvesen har utarbeidet er forprosjekt for en øvre trase i forb. med kommuneplanarbeidet.

Pr. i dag er yrkesdøgntrafikken gjennom vårt bomiljø på 7000, 14,3 % tungtrafikk. Når SNR er i drift fra 2025 – er det ytterligere 2000 kjøretøy gjennom bomiljøet (Rambøll) - til totalt **9000 kjøretøy** - noe som er en uakseptabel stor trafikkvekst over natten.

Fakta for vegstrekningen:

- Yrkesdøgntrafikk 9000.(2025)
- Tungtrafikk 14,3 % (SVV).
- Årlig trafikkvekst 1,5 – 2 % (SVV).
- I rød sone på støykartet (SVV).
- Europaveg og lokalveg, bygd i 1966.

En ny vegtrase må bygges i øvre linje overfor bebyggelsen, i forlengelse av ny trase fra Lønset til Hjelset som er under bygging– noe det ligger til rette for i terrenget, hus/bygninger eller dyrkamark blir ikke berørt. Traseen kan lett kobles på den nye

øvre traseen fra Lønset til Hjelset. Det er sentrale føringer på at tungt trafikkerte vegstrekninger skal ligge utenom bebyggelsen. Dagens trase er bygd i 1966 og er ikke dimensjonert for dagens trafikkmengde.

Europavegstrekningen (ca 5 km) har blitt glemt av kommunen - har falt mellom de store vegprosjektene. Strekningen ligger mellom to pågående vegprosjekt (bilde 1) – ny øvre trase Lønset/Hjelset og Bolsønes/Årø. Vegen er lokalveg og europaveg med gjennomgangstrafikk fra Trondheim til Bergen og ligger mellom to fergestrekninger Halså- Kanestrøm og Molde – Vestnes. Dagens trase blir lokalveg når en ny øvre trase er realisert.

Tungtrafikken dunderer gjennom bomiljøet vårt hele døgnet – støyplagene er enorme. Vegen er i rød sone på støykartet.. Terrenget er bratt og bebyggelsen ligger tett inntil europavegen. Bydelen er i sterk vekst med m.a. 1000 nye boenheter er under bygging - og ligger mellom Molde sentrum og nytt sykehus på Hjelset (SNR). Trafikksituasjonen må løses.

Vi ber om at vegstrekningen blir prioritert i ny NTP med midler til av en øvre vegtrase på E 39 fra Årø til Lønset – midler til planlegging og midler til bygging i første seks års periode.

Store vegprosjekt blir nå satt på vent, traseen er et lite vegprosjekt på 5 km som raskt kan settes i gang – når midlene er på plass.

Hilsen

Veggruppe for øvre trase E 39 Årø – Lønset.

v/ Palma R. Sigerseth,

E-post: psigerseth@gmail.com

Mobil: 454 17 970.

Bilder på neste side viser:


Kart over området – bilde 1.

Europaveg og bebyggelse – bilde 2.

Forprosjekt ny øvre trase –Statens Vegvesen – bilde 3.

Støykart – bilde 4

Bilde 1.



Fra Årø til Lønset - "en glemt vegstrekning" - nye vegprosjekt "på begge sider".

Bilde 2.



Dagens trase E 39 Årø - Lønset, bebyggelse tett inntil vegen - 14 % tungtrafikk



Vegen er bygd i 1966.

Bilde 3.




E39 Årø-Lønset -forprosjekt

Vegvesenets innspill til
kommuneplan Molde
kommune 2015 -2025.

Ny øvre trase(gul linje)



Bilde 4.



Støy - hele vegstrekningen er i rød sone på støykartet - her
fra Lønset og vestover.

Arkivsak-dok. 23/00108-4
Saksbehandler Helene Øvrelid

Utval
Formannskapet

Møtedato
08.05.2023

Utvalsak
PS-35/23

Svar på høring i samband med arbeidet med nasjonal transportplan 2025-2036

Kommunedirektøren si innstilling:

- E39 - Trafikktrygging Furneset ferjekai:** Vestnes kommune krev at det blir sett av midlar til trafikkavvikling og trafikktrygging ved E39 Furneset ferjekai. Dette hastar for å hindre trafikkulykker. Tryggleiken for gåande og syklende ved kryssing av E39 og vidare ferdsel ned til ferjekaia er fråverande, ved at det ikkje er tilrettelagt for mjuke trafikantar mellom lokalvegen og ferjekaia. Dette må utbetrast ved å bygge undergang frå lokalvegen (under E39) og gang-/sykkelveg vidare ned mot ferja. Kfr. K-styret sitt vedtak 26.01. 2023 – PS 3/23.
- E136 - Hjelviktunnelen:** Vestnes kommune meiner det hastar å bygge ny Hjelviktunnel. Nye Veier, som har ansvaret for strekninga Vestnes - Dombås, må få får tilført tilstrekkelege ressursar til å planlegge og gjennomføre meir enn ei minimumsløysing ved Hjelviktunnelen.
- E39 - Møreaksen:** Vestnes kommune meiner at Møreaksen frå Molde til Ålesund må gjennomførast som eitt prosjekt, slik at strekninga blir ferdigstilt samtidig. Det bør garanterast for midlar til å byggje heile strekninga Molde-Vik-Ørskogfjellet-Ålesund. Vestnes kommunestyre krev at det ikkje blir sett trafikk på Vik – Julbøen før Vik – Ørskogfjellet er ferdig. Kfr. K- styret sitt vedtak 25.03 sak PS- 30/21. Det er uholdbart for lokalmiljøet dersom desse vegstrekningane ikkje blir bygd samtidig.

Saksopplysninger

Bakgrunn:

Vestnes kommune mottok 12.04.2023 eit høyringsbrev frå Møre og Romsdal fylkeskommune, der dei inviterar kommunane til å kome med innspel til NTP. Fristen er sett til 5. mai, men Vestnes kommune har fått utsett frist til 8. mai.

Fylkeskommunen skriv at høyringsmaterialet er svært omfattande. Med tanke på den korte fristen for høyringa rår derfor departementet til at dei som vil gje høyringsinnspel til planen konsentrerer seg om hovudrapportane for dei to oppdraga i staden for vedlegga.

Fylkeskommunen stiller seg bak denne tilrådinga, og ber om at det primært blir tatt utgangspunkt i den [samla leveransen på utgreiingsoppdraget](#) og den [samla leveransen til prioriteringsoppdraget](#). Departementet ber om at det i høyringsinnspelet kjem tydeleg fram:

- Kva del av leveransane konkrete innspel refererer til.
- Rangering av prioriterte tiltak eksplisitt, i den grad de har innspel til prioriteringa av ressursbruken i planen.
- Om det blir spelt inn enkeltprosjekt eller tiltak utover det som inngår i forslaget til verksemdene, ber departementa om at det blir informert om korleis dette kan finansierast, fortrinnsvis ved omprioriteringar innanfor planrammene eller anna finansiering.

Om Nasjonal transportplan (NTP) 2025- 2035

NTP er ein viktig arena for samordning, utgreiing, styring og prioritering i samferdselssektoren. Transportplanen blir utarbeidd i ein periode prega av ekstraordinære hendingar som krigen i Ukraina, energikrise og stigande prisar. Regjeringa har valt å framskynde planarbeidet med eitt år – til våren 2024 – for å få ein transportplan som er oppdatert og tilpassa utfordringane og omstillingsbehova vi står ovanfor.

Transportverksemdene har no foreslått korleis ressursane bør prioriterast i ny Nasjonal transportplan. Det er Statens vegvesen, Nye Veier, Avinor, Jernbanedirektoratet, Bane NOR og Kystverket som leverer faglege innspel til arbeidet med NTP 2025–2036 gjennom å svare på oppdrag frå Samferdselsdepartementet og Nærings- og fiskeridepartementet.

Forslaga som er på høyring er viktige delar av det faglege grunnlaget for arbeidet med ny NTP, seier samferdselsminister Jon-Ivar Nygård. Han understrekar at innspela frå transportverksemdene berre er forslag.

Vurdering

Kommunedirektøren har avgrensa høyringsinnspela til strekningar som gjeld Vestnes kommune direkte.

E39 Trafikktrygging - Ressursar til trafikktryggingstiltak ved Vestnes ferjekai (Furneset) må prioriterast slik at nødvendige tiltak blir gjennomførte snarast.

Dersom regjeringa skal nå måla om færre drepne og skadde i trafikken, krev dette ei tydeleg styrka satsing på trafikksikring frå alle aktørar, skriv Statens vegvesen i utgreiingsoppdraget til regjeringa. Ressursar til gode trafikktryggingstiltak vil, etter Statens vegvesen sine utrekningar, ha ein stor samfunnsøkonomisk nytteverdi. Sjå [svv-ntp-2025-2036-prioriteringsoppdrag-rettet-versjon-19042023.pdf \(regjeringen.no\)](#) s 22.

Vestnes kommune er uroa for trafikktrygginga ved Furneset ferjekai. Trass i at sambandet Molde – Vestnes er ei av landets mest trafikkerte ferjestrekningar med mykje tungtransport, er området rundt ferjekaia svært uoversiktleg og rotete bygd.

Dei mjuke trafikantane, som nyttar ferje til arbeid, skule, kulturtilbod og offentlege tenestetilbod etc. kan pr. idag ikkje ferdast trygt mellom ferjekaia og lokalvegen. Ein undergang (under E39) frå kommunal veg i Vestnesbukta og gang- og sykkelveg vidare ned mot ferjekai må på plass snarast.

Kfr. K-styret sitt vedtak 26.01. 2023 – PS 3/23:

1. For å forhindre trafikkulykker hastar det å forbetre trafikktrygginga på E39 ved Furneset ferjekai. Kommunestyret krev difor at Statens Vegvesen intensiverer arbeidet med trafikkavvikling og trafikktryggingstiltak ved Furneset ferjekai.
2. Sikkerheita for gåande og syklende ved kryssing av E39 ned til ferjekaia må forbeholdast. Dette gjeld sikker kryssing både ved Furneskrysset og ved gang/sykkelveg til Buktavegen.

Kommunedirektøren legg til grunn at Statens Vegvesen får tilført tilstrekkelege rammer til å planlegge og gjennomføre nødvendige trafikktryggingstiltak ved Furneset ferjekai.

E 136 – Hjelviktunnelen - Trafikktrygging ved E136 Hjelviktunnelen – tiltak må igangsettast

Ein viser til innspelet frå Nye Veier under prioriteringar kap. 10.4.5, på strekninga E6/E136 Otta (36 km) og Dombås–Vestnes (147 km). Sjå; [nye-veier-ntp-prioritering-rettet-versjon-200423-markert.pdf \(regjeringen.no\)](#)

Nye Veier skriv at strekninga har ein stor del gjennomgangstrafikk med eit høgt innslag av tungtrafikk. Strekninga er viktig for godstransport inn- og ut av Nord-Vestlandet, herunder eksport av fersk fisk.

I følgje Nye Veier har strekninga Otta–Vestnes utfordringar med skred og vær, samt enkelte delstrekningar som er ulykkesbelasta.

Hjelviktunnelen i Vestnes kommune blir av Nye veier omtala som smal med for lav fri høgde, slik at store kjøretøy må køyre midt i veggen. Det pågår arbeid med ei heilheitleg analyse av strekningane, med mål om å utvikle strekninga og heve standarden over ein 20-års periode. Verknaden av tiltaka skal auke trafikktrygginga, redusere rasfare og auke den generelle oppetida på strekninga.

I samråd med Nye Veier har administrasjonen i Vestnes kommune gitt innspel til strekningar der det er viktig at det blir gjennomført trafikktrygging og beredskapstiltak. Kommunedirektøren støttar vurderinga til Nye Veier om at det er viktig å iverksette tiltak ved Hjelviktunnelen. Det er også viktig at det ikkje blir valt ei minimumsløysing, då det er fleire problem på strekninga enn berre tunnelen.

Strekninga er svært trafikkfarleg både grunna kurvatur og stigning på begge sider av tunellen. Når sjåførar køyrar ut av tunnelen og oppdagar kor bratt det er, hender det at vogntog sklir på glatt føre. Begge veger. Det er viktig at Nye Veier etter kartlegginga kjem i gang med planarbeid og gjennomføring. Dette krev at det blir sett av tilstrekkeleg med midlar for å få planlagt og gjennomført tiltaka.

For å oppretthalde vekst og utvikling av næringsliv i distriktskommunar er det avgjerande med eit velfungerande transportsystem med gode, framkomelege og trygge vegar.

E39 Møreaksen - Vestnes kommune meiner at Møreaksen frå Molde til Ålesund må gjennomførast som eitt prosjekt slik at strekninga kan ferdigstillast samtidig.

I innspel til nasjonal transportplan 2025-2036 har Statens vegvesen foreslått å dele finansieringa av Møreaksen i to, ved å prioritere strekninga Vik - Molde;

- E39 Vik – Molde. Prosjektet omfattar i så fall berre nordre del av Ålesund–Molde, inkludert kryssing av Romsdalsfjorden.
- Strekninga E39 Breivika (ved Ålesund) – Ørskogfjellet og Ørskogfjellet – Vik er tatt ut for å kunne prioritere Vik – Molde først (sjå; svv-ntp-2025-2036-prioriteringsoppdrag-rettet-versjon-19042023.pdf (regjeringen.no) s. 48)

Ein av grunnane til at Statens vegvesen har valt å dele strekninga, er at det ikkje er ferdige planer for strekninga Vik- Ålesund.

Vestnes kommune krev at heile vegstrekninga frå Molde til Ålesund blir lagt inn som eitt prosjekt i NTP. Det bør garanterast for midlar til å byggje heile strekningen Molde -Vik-Ørskogfjellet -Ålesund.

Ein viser til kommunestyrevedtak 25.03 sak PS- 30/21. I innspel til reguleringsplan E 39 Vik – Julbøen krev kommunestyret at det ikkje blir sett trafikk på Vik – Julbøen før Vik – Ørskogfjellet er ferdig.

Det vil vere uholdbart for lokaltrafikken dersom desse vegstrekningane ikkje blir bygd samtidig. Møreaksen er eit viktig vegprosjekt for å utvide bu og arbeidsmarknaden i Møre og Romsdal. For å nå måla for Møreaksen er det avgjerande at heile strekninga frå Molde til Ålesund blir bygd.

Vedlegg

1. Høyring i samband med arbeid med Nasjonal transportplan 2025 – 2036 – Frå Møre og Romsdal fylkeskommune.
2. Nasjonal transportplan 2025-2036 - Høring av transportvirksomhetenes - svar på NTP-oppdrag – Frå SD

Særutskrift:

Saksprotokoll

Arkivsak-dok. 23/00108
Saksbehandler Helene Øvrelid

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Formannskapet	08.05.2023	PS-34/23

Svar på høyring i samband med arbeidet med nasjonal transportplan 2025-2036

Formannskapet har behandlet saken i møte 08.05.2023 sak PS-34/23

Møtebehandling

Forslag til endring frå FRP og PP framsett i møte av Anne Marie Fiksdal:

Nytt punkt 1

Vestnes Formannskap ber Stortinget skrinlegge Møreaksen i NTP.

Vestnes Formannskap meiner at E 136 Ålesund – Dombås grense fortsatt må stå som 1 prioritet.

Vestnes Formannskap meiner at Hjelvik-tunellen skal komme høgt opp på Nye Veier si prioritering av E136. Nye veier må tilførast meir kapital for å kunne utbetre Hjelvik-tunellen og andre kritiske punkt.

Vestnes Formannskap meiner at trafikksikring av E139, tilkomst frå rundkøyring til Furneset ferjekai skal prioriterast i første periode av NTP. SVV har brukt 800 millionar på utbetring av ein veg som er skubba langt ut i tid. SSV må i større grad bruke dei midlane dei har til rådighet til å utbetre trafikkfarlege strekningar som Furneset.

Nytt punkt 2

Vestnes Formannskap meiner det viktigaste er å ta vare på og oppgradere eksisterande kommunale- og fylkesveier, før nye store vegprosjekt blir sett i gang. Vedlikehaldsetterslepet på desse vegane er enormt stort og må prioriterast i første periode.

Nytt punkt 3

Vestnes Formannskap meiner bevillingane til trafikksikring må aukast betydeleg, det vil gi rom for 50/50 midlar og utbetring av trafikkfarlege vegar med fortau, kvite striper, lys og utbetring av trafikkfarlege punkt.

Forslag til endring av pkt. 3 i innstillinga til kommunedirektøren framsett i møte av Bjørn Inge Olsen (SP):

E39: Vestnes kommunestyre krev at det ikkje blir sett trafikk på Vik – Julbøen før Vik – Ørskogfjellet er ferdig. Ref. K- styret sitt vedtak 25.03.21 i sak PS- 30/21. Det er uholdbart for lokalmiljøet dersom desse

vegstrekingane ikkje blir bygd samtidig. Vestnes kommune meiner difor at strekinga frå Molde til Ålesund må gjennomførast som eitt prosjekt, slik at strekinga blir ferdigstilt samtidig. Det bør garanterast for midlar til å byggje heile strekinga Molde-Vik-Ørskogfjellet-Ålesund.

Frode Gjelstenli (FRP) ba om gruppemøte.
Det vart halde gruppemøte.

Votering

Det vart først røysta over innstillinga til kommunedirektøren.
Innstillinga til kommunedirektøren fall.

Deretter vart det røysta over forslaget framsett i møte av Bjørn Inge Olsen (SP) med pkt. 1 og 2 likt kommunedirektøren.

Forslaget fall mot 4 røyster: Dagfinn Wiik (PP), Frode Gjelstenli (FRP), Tor Egil Valldal (FRP) og Anne Marie Fiksdal (FRP).

Til sist vart det røysta over forslaget frå PP og FRP framsett i møte av Anne Marie Fiksdal (FRP).
Forslaget vart vedteke mot 3 røyster: Bjørn Inge Olsen (SP), Aud Sissel Løvoll Suoranta (SP) og Karsten Perry Gjerde (KRF).

Formannskapet sitt vedtak

Punkt 1

Vestnes Formannskap ber Stortinget skrinlegge Møreaksen i NTP.

Vestnes Formannskap meiner at E136 Ålesund – Dombås grense fortsatt må stå som 1 prioritet.

Vestnes Formannskap meiner at Hjelvik-tunellen skal komme høgt opp på Nye Veier si prioritering av E136. Nye veier må tilførast meir kapital for å kunne utbetre Hjelvik-tunellen og andre kritiske punkt.

Vestnes Formannskap meiner at trafikksikring av E139, tilkomst frå rundkøyring til Furneset ferjekai skal prioriterast i første periode av NTP. SVV har brukt 800 millionar på utbetring av ein veg som er skubba langt ut i tid. SSV må i større grad bruke dei midlane dei har til rådighet til å utbetre trafikkarlege strekingar som Furneset.

Nytt punkt 2

Vestnes Formannskap meiner det viktigaste er å ta vare på og oppgradere eksisterande kommunale- og fylkesveier, før nye store vegprosjekt blir sett i gang. Vedlikehaldsetterslepet på desse vegane er enormt stort og må prioriterast i første periode.

Nytt punkt 3

Vestnes Formannskap meiner bevillingane til trafikksikring må aukast betydeleg, det vil gi rom for 50/50 midlar og utbetring av trafikkarlege vegar med fortau, kvite striper, lys og utbetring av trafikkarlege punkt.



VOLDA KOMMUNE
Avdeling for dokumentasjon og service

Møre Og Romsdal Fylkeskommune
Postboks 2500
6404 Molde

Vår referanse
23/1394 23/8351

Din referanse

Sakshandsamar
Sonja Håvik

Dato
05.05.2023

Melding om vedtak - Innspel til nasjonal transportplan 2025 - 2036

Formannskapet har i møte 02.05.2023, sak 51/23, fatta følgjande vedtak:
Høyringsinnspel frå Volda kommune til Nasjonal transportplan 2025-2036:

1.Riksvegkorridorane for vår region

Prosjekt over 200 mill

1. E39 Volda-Furene, Voldatunellen, realisering i første seksårsperiode i samsvar med gjeldande NTP.
2. Strynefjellstunellen konsept B1 med arm til Geiranger (Rv 15 Måløy – Otta) - planleggingsmidlar
3. E39 Volda - Ålesund
4. E39 Byrkjelo – Svarstad – Grodås

Prosjekt under 200 mill

Rundkøyring i flyplasskrysset i Hovdebygda, E39
Rundkjøring i Furene og til næringsområde, E39
Trafikksikringstiltak på dagens E39 gjennom Volda Sentrum
Gang/sykkelveg E 39 Furene - flyplasskrysset i Hovdebygda

2. Eit godt vegnett i heile Norge.

Volda kommune viser til store utfordringar med fylkesvegane i Møre og Romsdal, og meiner NTP må omfatte også det fylkeskommunale vegnettet, jf. regionreforma. Ressursane må i større grad bli fordelte utover dei 11% som riksvegar utgjør. Det er i dag eit stort etterslep på fylkesvegane. Nasjonal Transportplan må prioritere

opprusting og vedlikehald av veg nær brukarane. Dette vil på sikt gi god måloppnåing nasjonalt og gi stor samfunnsøkonomisk lønsemd.

3. Sjø/ferje.

Volda kommune finn det positivt at regjeringa har innført gratis ferje for dei minst trafikkerte fergestrekningane. Kommunen peikar likevel på at NTP må legge opp til ei vesentleg betre finansiering enn dagens modell, som påfører næringsliv og fastbuande langs kysten altfor høge kostnader. Fergetilboda er ein del av vegnettet og må sikrast god regularitet og føreseielege vilkår.

Volda kommune ser fram til realiseringa av Stad skipstunnel som no ligg inne i NTP.

Det må vere ein føresetnad at regelverket vedr. ferjeavløysingsprosjekt i samband med den føreståande NTP-rulleringa vert heilt avklara, m.a. detaljregelverket vedr. finansiering. Volda kommune har to ferjestrekningar som er godt eigna som pilotprosjekt for ferjeavløysing.

4. Luftfart.

Volda kommune viser til at regjeringa har sikra ei betre finansiering av kortbanenettet frå 2024, noko som er eit avgjerande grep for å sikre god kommunikasjon for distrikta. For Søre Sunnmøre er det viktig at rute frå Ørsta Volda lufthamn Hovden til Trondheim vert prioritert i ny NTP. Behovet for ei slik rute er naudsynt mellom anna fordi regionen er knytt til Helse-midt. Vårt næringsliv har behov for kommunikasjon til Trondheim og NTNU. Ørsta Volda lufthamn har stor og aukande aktivitet, difor er det viktig å sikre god og trafikktrygg tilkomst gjennom rask realisering av nytt flyplasskryss med rundkøyning.

Det er eit nasjonalt mål å klargjere kortbanenettet på Vestlandet for elektriske fly. Kupert topografi og relativt korte avstandar gjer at det ligg til rette for ei slik elektrifisering. Volda kommune meiner at det bør settast av statlege stimuleringsmidlar for å føre fram forsyningskapasitet og etablere batteribankar ved desse lufthamnene for å sikre gjennomføring av dette målet.

Med helsing

Sonja Håvik
rådgjevar

Dokumenter er elektronisk godkjent og har derfor ikkje signatur

Mottakar			
Hareid Kommune	Rådhusplassen 5	6060	Hareid
Herøy Kommune	Postboks 274	6099	Fosnavåg
Møre Og Romsdal Fylkeskommune	Postboks 2500	6404	Molde
Sande Kommune	Rønnebergplassen 17	6084	Larsnes

Mottakar			
Sunnmøre Regionråd Iks	Postboks 1521	6025	Ålesund
Ulstein Kommune	Postboks 143	6067	Ulsteinvik
Vanylven Kommune	Rådhusvegen 1	6143	Fiskå
Ørsta Kommune	Dalevegen 6	6153	Ørsta



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
51/23	Formannskapet	02.05.2023

Innspel til nasjonal transportplan 2025 - 2036

Samandrag:

Saka omhandlar kommunen sine innspel til Møre og Romsdal fylkeskommune i samband med prosessen kring Nasjonal Transportplan (NTP) 2025 - 2036.

Formannskapet 02.05.2023

Behandling:

Nytt pkt 1, foreslått av Sølvi Dimmen, Senterpartiet:

Prosjekt over 200 mill

1. E39 Volda-Furene, Voldatunellen, realisering i første seksårsperiode i samsvar med gjeldande NTP.

2. Strynefjellstunellen konsept B1 med arm til Geiranger (Rv 15 Måløy – Otta) - planleggingsmidlar

3. E39 Volda - Ålesund

4. E39 Byrkjelo – Svarstad – Grodås

Prosjekt under 200 mill

Rundkøyring i flyplasskrysset i Hovdebygda, E39

Rundkjøring i Furene og til næringsområde, E39

Trafikksikringstiltak på dagens E39 gjennom Volda Sentrum

Gang/sykkelveg E 39 Furene - flyplasskrysset i Hovdebygda

Røysting (7 røysteføre):

Framlegget frå ordføraren, nytt punkt 1, vart samrøystes vedtatt.
Tilrådinga frå kommunedirektøren punkt 2-4 vart samrøystes vedtatt.

FSK - 51/23 Vedtak

Høyringsinnspel frå Volda kommune til Nasjonal transportplan 2025-2036:

1. Riksvegkorridorane for vår region

Prosjekt over 200 mill

1. E39 Volda-Furene, Voldatunellen, realisering i første seksårsperiode i samsvar med gjeldande NTP.
2. Strynefjellstunellen konsept B1 med arm til Geiranger (Rv 15 Måløy – Otta) - planleggingsmidlar
3. E39 Volda - Ålesund
4. E39 Byrkjelo – Svarstad – Grodås

Prosjekt under 200 mill

Rundkjøring i flyplasskrysset i Hovdebygda, E39
Rundkjøring i Furene og til næringsområde, E39
Trafikksikringstiltak på dagens E39 gjennom Volda Sentrum
Gang/sykkelveg E 39 Furene - flyplasskrysset i Hovdebygda

2. Eit godt vegnett i heile Norge.

Volda kommune viser til store utfordringar med fylkesvegane i Møre og Romsdal, og meiner NTP må omfatte også det fylkeskommunale vegnettet, jf. regionreforma. Ressursane må i større grad bli fordelte utover dei 11% som riksvegar utgjør. Det er i dag eit stort etterslep på fylkesvegane. Nasjonal Transportplan må prioritere opprusting og vedlikehald av veg nær brukarane. Dette vil på sikt gi god måloppnåing nasjonalt og gi stor samfunnsøkonomisk lønsemd.

3. Sjø/ferje.

Volda kommune finn det positivt at regjeringa har innført gratis ferje for dei minst trafikkerte fergestrekningane. Kommunen peikar likevel på at NTP må legge opp til ei vesentleg betre finansiering enn dagens modell, som påfører næringsliv og fastbuande langs kysten altfor høge kostnader. Ferjetilboda er ein del av vegnettet og må sikrast god regularitet og føreseielege vilkår.

Volda kommune ser fram til realiseringa av Stad skipstunnel som no ligg inne i NTP.

Det må vere ein føresetnad at regelverket vedr. ferjeavløysingsprosjekt i samband med den føreståande NTP-rulleringa vert heilt avklara, m.a. detaljregelverket vedr. finansiering. Volda kommune har to ferjestrekningar som er godt eigna som pilotprosjekt for ferjeavløysing.

4. Luftfart.

Volda kommune viser til at regjeringa har sikra ei betre finansiering av kortbanenettet frå 2024, noko som er eit avgjerande grep for å sikre god kommunikasjon for distrikta. For Søre Sunnmøre er det viktig at rute frå Ørsta Volda lufthamn Hovden til Trondheim vert prioritert i ny NTP. Behovet for ei slik rute er naudsynt mellom anna fordi regionen er knytt til Helse-midt. Vårt næringsliv har behov for kommunikasjon til Trondheim og NTNU. Ørsta Volda lufthamn har stor og aukande aktivitet, difor er det viktig å sikre god og trafikktrygg tilkomst gjennom rask realisering av nytt flyplasskryss med rundkøyring.

Det er eit nasjonalt mål å klargjere kortbanenettet på Vestlandet for elektriske fly. Kupert topografi og relativt korte avstandar gjer at det ligg til rette for ei slik elektrifisering. Volda kommune meiner at det bør settast av statlege stimuleringsmidlar for å føre fram forsyningskapasitet og etablere batteribankar ved desse lufthamnene for å sikre gjennomføring av dette målet.

Kommunedirektøren si tilråding:

Høyringsinnspel frå Volda kommune til Nasjonal transportplan 2025-2036:

1. Riksvegkorridorane for vår region

- Prosjekt over 200 mill
- E39 Voldatunellen, realisering i første seksårsperiode
- Strynefjellstunellen konsept B1 med arm til Geiranger (Rv 15 Måløy – Otta)
- E39 Byrkjelo – Svarstad – Grodås
- E39 Volda – Ålesund
 - E39 Ørstaffjordkryssing
 - E39 Vartdalsfjordkryssing/Hafast
 - E39 Vegsund-Breivika
- Prosjekt under 200 mill
 - Rundkøyring i flyplasskrysset, E39
 - Rundkjøring i Furene og til næringsområde, E39
 - Trafikksikringstiltak på dagens E39 frå sjukehuskrysset til Furene
 - Gang/sykkelveg E 39 Furene - flyplasskrysset i Hovden

2. Eit godt vegnett i heile Norge.

Volda kommune viser til store utfordringar med fylkesvegane i Møre og Romsdal, og meiner NTP må omfatte også det fylkeskommunale vegnettet, jf. regionreforma. Ressursane må i større grad bli fordelte utover dei 11% som riksvegar utgjer. Det er i dag eit stort etterslep på fylkesvegane. Nasjonal Transportplan må prioritere opprusting og vedlikehald av veg nær brukarane. Dette vil på sikt gi god måloppnåing nasjonalt og gi stor samfunnsøkonomisk lønsemd.

3. **Sjø/ferje.**

Volda kommune finn det positivt at regjeringa har innført gratis ferje for dei minst trafikkerte fergestrekningane. Kommunen peikar likevel på at NTP må legge opp til ei vesentleg betre finansiering enn dagens modell, som påfører næringsliv og fastbuande langs kysten altfor høge kostnader. Fergetilboda er ein del av vegnettet og må sikrast god regularitet og føreseielege vilkår.

Volda kommune ser fram til realiseringa av Stad skipstunnel som no ligg inne i NTP.

Det må vere ein føresetnad at regelverket vedr. ferjeavløysingsprosjekt i samband med den føreståande NTP-rulleringa vert heilt avklara, m.a. detaljregelverket vedr. finansiering. Volda kommune har to ferjestrekningar som er godt eigna som pilotprosjekt for ferjeavløysing.

4. **Luffart.**

Volda kommune viser til at regjeringa har sikra ei betre finansiering av kortbanenettet frå 2024, noko som er eit avgjerande grep for å sikre god kommunikasjon for distrikta. For Søre Sunnmøre er det viktig at rute frå Ørsta Volda lufthamn Hovden til Trondheim vert prioritert i ny NTP. Behovet for ei slik rute er naudsynt mellom anna fordi regionen er knytt til Helse-midt. Vårt næringsliv har behov for kommunikasjon til Trondheim og NTNU. Ørsta Volda lufthamn har stor og aukande aktivitet, difor er det viktig å sikre god og trafikktrygg tilkomst gjennom rask realisering av nytt flyplasskryss med rundkøyning.


Det er eit nasjonalt mål å klargjere kortbanenettet på Vestlandet for elektriske fly. Kupert topografi og relativt korte avstandar gjer at det ligg til rette for ei slik elektrifisering. Volda kommune meiner at det bør settast av statlege stimuleringsmidlar for å føre fram forsyningskapasitet og etablere batteribankar ved desse lufthamnene for å sikre gjennomføring av dette målet.

Saksopplysningar:

Samferdselsdepartementet arbeider med ny nasjonal transportplan for perioden 2025-2036. Regjeringa har bestemt at ny Nasjonal transportplan skal framskundast med eit år. Bakgrunnen for framskundinga av arbeidet er at regjeringa meiner at gjeldande Nasjonal transportplan 2022-2033 ikkje lenger er realistisk gitt dei føresetnadene som Norge står ovanfor. Det er difor lagt opp til å utarbeide ein transportplan som er oppdatert og tilpassa framtidig transportbehov, samstundes som det er mogleg å følgje opp dei økonomiske rammene. Stortingsmeldinga skal leggjast fram våren 2024, og det vert lagt opp til handsaming i Stortinget i løpet av vårterminen same år.

Fylkeskommunane har fått frist til juli 2023 (førebels) til å kome med sine innspel. På grunn av at saka skal innom fleire fylkeskommunale utval, har fylkeskommunen i brev datert 16.01.2023 sett frist for kommunane til å kome med sine innspel til fylkeskommunen til fredag 5. mai.

Samferdsledepartementet har skissert NTP-prosessen slik:



Samferdselsdepartementet har gitt sine underliggende samferdselsverksemdar to hovudoppdrag i arbeidet med ny plan:

- Eit utgreiingsoppdrag med frist 22. januar 2023.
- Eit prioriteringsoppdrag med frist 31. mars 2023.

Prioriteringsoppdraget er sendt på høyring og det er til denne høyringa kommunen no gjev innspel via fylkeskommunen.

I samandraget til Statens vegvesen si prioritering av dei økonomiske rammene viser vegvesenet til at framlegget til prioriteringar vil støtte opp om toppmåla i NTP gjennom å gi meir føreseieleg framkome og betre trafikktryggleik på ein meir bærekraftig måte.

- Ta vare på det vi har, utbedre der vi kan, bygge nytt der vi må
- Digitalt, navigerbart veinett som legger til rette for fremtidens automatiserte transport og tar ut verdien av den
- Redusere klimagassutslipp og inngrep i naturmiljø og dyrket jord
- Økt innsats for trafikksikkerhet
- Tilgjengelig infrastruktur som forutsetning for næringslivets behov for transport
- Sikre nasjonal beredskap på vei for å møte utfordringene knyttet til klimaendringer, tilgangen på energi og den sikkerhetspolitiske situasjonen i Europa



Det er omfattende dokumentunderlag til høringa og for meir inngående oversyn over desse syner ein til dokumenta som er å finne på denne lenka:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/ntp-20252036-prioriteringsoppdrag-svar-fra-transportvirksomhetene/id2969831/>

Vurdering og konklusjon:

Eit godt vegnett i heile Norge.

Av det samla vegnettet i Norge eig staten 11 %, fylkeskommunen 48% og kommunane 41%. Forfall og manglande ressursar til fornying og vedlikehald av det lokale vegnettet der innbyggjarar og næringsliv ferdast dagleg er ei stor utfordring for fylkesvegane i Møre og Romsdal. NTP burde såleis omfatte også det fylkeskommunale vegnettet, jf. Regionreforma, slik at ressursane i større grad vert fordelte utover dei 11% som riksvegar utgjør. Det er i dag eit stort etterslep på fylkesvegane. NTP har tradisjonelt omhandla dei 11% av vegsystemet som er riksvegar. Mange av fylkesvegane har like stor trafikk og er like avgjerande for nærings- og samfunnsliv som riksvegane. Det er lange ventelister på mange tiår for tiltak lokalsamfunna meiner er heilt avgjerande for trafikktrygging, miljø og betra framkome. Berre i Møre og Romsdal manglar det 12 mrd. for at fylkesvegane skal bli sett i forsvarleg stand. Dette gjeld tunnelsikring, rassikring, bruer, kaier, vegar som treng utbetring og asfaltering, veglys, trafikktryggingstiltak og gang- og sykkelvegar. Dette kjenner både mjuke trafikantar og dei som køyrer på dagleg. Vegar i lokalsamfunna må bli prioritert for å sikre attraktive

pendleregionar og gode konkurransevilkår for næringslivet i heile Norge. Dette vil på sikt gi god måloppnåing nasjonalt og gi stor samfunnsøkonomisk lønsemd.

Sjø/ferje.

Det er positivt at regjeringa har innført gratis ferje for dei minst trafikkerte fergestrekningane. Nasjonal Transportplan må likevel legge opp til ei vesentleg betre finansiering enn dagens modell, som påfører næringsliv og fastbuande langs kysten altfor høge kostnader. Staten må også ta ekstrakostnadene ved at ferjene og nødvendig infrastruktur er lagt om til null- og lavutslepp. Dette rammar næringsliv, pendlarar og andre brukarar i Volda kommune. For dei daglege brukarane og næringslivet spelar det inga rolle om det er fylkesvegferjer eller riksvegferjer. Fergetilboda er ein del av vegnettet og må sikrast god regularitet og føreseielege vilkår. Volda kommune meiner NTP må legge opp til ei endra og vesentleg betre ferjefinansiering enn dagens modell.

Volda kommune ser fram til realiseringa av Stad skipstunnel som no ligg inne i NTP.

Realisering av skipstunnelen vil bety betre tryggleik og framkome på ein av dei mest vêrharde delane av den norske skipsleia. I tillegg vil den i større grad aktualisere ei hurtigbåtrute mellom Bergen og Ålesund med anløp i området Ørsta/Volda/Herøy/Ulstein/Sande (Eiksundregionen).

Det må vere ein føresetnad at regelverket vedr. ferjeavløysingsprosjekt i samband med den føreståande NTP-rulleringa vert heilt avklara, m.a. detaljregelverket vedr. finansiering. Volda kommune har to ferjestrekningar som er godt eigna som pilotprosjekt for ferjeavløysing.

Luffart.

Ørsta Volda lufthamn Hovden.

Luffart er i Norge det einaste landsdekkande kollektivtrafikkmiddel. Flytransport er langt viktigare for samfunnsutviklinga i Norge enn dei fleste andre land som følgje av spreidd busetting, geografi og lang avstand til våre viktigaste eksportmarknader. Søre Sunnmøre er ein region med stor verdiskaping i norsk målestokk. Næringslivet med høg verdiskaping er viktig for gode lokalsamfunn og regional konkurransekraft og slik verdiskaping er avhengig av god infrastruktur i konkurransen om kundane og tilgang på god arbeidskraft. Også regionale samfunnsfunksjonar som høgskule, sjukehus m.fl. er avhengig av eit godt rutetilbod ved Hovden lufthamn.

Ørsta-Volda Lufthamn Hovden er ei av dei med største trafikk i kortbanenettet, ca 105.000 passasjerar i året. Over 60% av trafikken er næringsrelatert, noko som gjer at denne flyplassen er svært avgjerande for verdiskaping og busetting i vårt distrikt. Lufthamna har vore kåra til årets lufthamn på kortbanenettet i Norge, der kriteria var service, punktleghet, rask innsjekking og godt samarbeid med drivar og operatør av flyplassen.

Det er avgjerande at næringslivet og innbyggjarar har føreseielege rammevilkår for å kunne gjere seg nytte av tenesta og oppretthalde kompetansen i regionen. Med få avgangar og for liten kapasitet, vil tillit til sikker og ordinær transport bli borte, og handlingsrommet for næringslivet og private bli vesentleg redusert.

Det er positivt at regjeringa har sikra ei betre finansiering av kortbanenettet frå 2024, noko som er eit avgjerande grep for å sikre god kommunikasjon for distrikta. For Søre Sunnmøre er det viktig at rute frå Ørsta Volda lufthamn Hovden til Trondheim vert prioritert i ny NTP. Behovet for ei slik rute er naudsynt mellom anna fordi regionen er knytt til Helse-midt. Vårt næringsliv har behov for kommunikasjon til Trondheim og NTNU. Ørsta Volda lufthamn har

stor og aukande aktivitet, difor er det viktig å sikre god og trafikktrygg tilkomst gjennom rask realisering av nytt flyplasskryss med rundkøyring.

Det er eit nasjonalt mål å klargjere kortbanenettet på Vestlandet for elektriske fly. Kupert topografi og relativt korte avstandar gjer at det ligg til rette for ei slik elektrifisering. Ørsta kommune meiner at det bør settast av statlege stimuleringsmidlar for å føre fram forsyningskapasitet og etablere batteribankar ved desse lufthamnene for å sikre gjennomføring av dette målet.

Transportkorridorane.

For innbyggjarar og næringsliv i Volda kommune vil investeringar særleg i korridor 4 og 6 vere heilt avgjerande for ei god og framtidsretta utvikling av denne regionen.

Korridor 4 Stavanger-Bergen-Ålesund-Trondheim.

Investeringane i korridoren vart sist omtala for strekninga Stavanger-Ålesund og for strekninga Ålesund-Trondheim. I den faglege leveransen frå Statens vegvesen den 31.03.2023 er heile korridoren omtala under eitt. Kommunedirektøren viser til denne lenka: <https://www.regjeringen.no/contentassets/f517f097ff11468fbb8087f6bc981c43/svv/statens-vegvesen-vedlegg.pdf>

Omtale vedkomande korridor 4 er å finne på PDF sidene: 27-31. PDF side 37-41 omhandlar Korridor 6 som E6, Rv15 og E136. Det vert her sitert følgjande utdrag frå dette dokumentet:

«Korridor 4 binder byene langs vestlandskysten sammen, og har særlig verdi for utenrikshandelen med betydelige eksport- og importvolumer. E39 er hovedferdselsåren langs kysten mellom Kristiansand og Trondheim. Veien går gjennom en rekke større og mindre byområder, mellom annet Stavanger, Bergen, Ålesund og Trondheim. Korridoren er i tillegg viktig for lokal og regional trafikk på rv. 9 fra Kristiansand til Haukeli og rv. 13.

Beregningene viser at vi frem til 2060 kan forvente en økning i varevolumet som transporteres, fra dagens 124 mill. tonn til 138 mill. tonn. For godstransport er det forventet at veitransporten vil øke med 50 pst. På samme måte som for persontransport er viktige årsaker til dette at det ikke er lagt inn kostnader til ferje eller bompenger i 2060 i beregningene, samtidig som åpning av veiprosjekter gir redusert reisetid. Det er også forventet at det vil bli en nedgang i oljeproduksjonen og at transport av petroleumsprodukter vil få en nedgang.

Hovedutfordringer

Korridoren er preget av lave hastigheter og flere flaskehalsar. Inn mot og gjennom byområdene er det rushtidsproblemer og fremkommeligheten er tidvis dårlig. Trafikken er størst inn mot de store byområdene Stavanger, Bergen, Ålesund og Trondheim. Trafikken er også stor gjennom Aksdal (utenfor Haugesund), Leirvik (Stord), Førde og Volda/Ørsta.

På E39 igjennom Volda arbeides det videre med å legge veien utenom sentrum og i tunnel.»

E39 Voldatunnelen.

Volda kommune har saman med andre kommunar i regionen vore tydeleg på at E39 Voldatunnelen er neste store prosjekt på E39 i vårt område **som må realiserast i første seksårsperiode**. Kommunane har også i prinsippet slutta seg til at prosjektet kan delvis bompengefinansierast. Grunna statleg krav om rømmingstunnel har kostnaden auka. Reguleringsplanen for E39 Volda-Furene som Volda kommunestyre godkjende i mai 2018

vart tilpassa statleg krav om 2 løp. Regjeringa og Stortinget må seinast ved revisjonen av NTP 2025-2036 rette opp dette og legge inn ny styringsramme i samsvar med ny godkjend reguleringsplan.

E39 Ørstafjordkryssing.

Stortinget har også slutta seg til at E39 skal leggest utan om Ørsta sentrum. Regjeringa vedtok i konseptvalet for E39 mellom Volda og Ålesund at E39 skal gå via Sulafjorden (Hafast). Ørsta kommune har vedteke planprogram for E39 Ørstafjordkryssing i retning Hafast. Aktuelle linjer for E39 Ørstafjordkryssing er lagt inn i kommunedelplan for Ørsta sentrum og Hovdebygda. Dersom Regjering/Storting meiner noko med å legge gjennomfartsvegar som E39 utanom tettstadane bør det følgast opp med midlar til E39 Ørstafjordkryssing når Stortingsmeldinga om NTP 2025-2036 vert lagt fram.

E39 Byrkjelo-Svarstad-Grodås.

For vidare utvikling sørover på E39 er det viktig for nærings-, kollektiv- privattransport at også prosjektet E39 Byrkjelo-Svarstad-Grodås vert prioritert for snarleg gjennomføring. Når dette ferjefrie prosjektet opnar vil reisetida mellom Ørsta og Bergen verte redusert med over 1 time. For næringstransporten betyr det at ein klarer å oppfylle krava til køyre- og kviletid utan å måtte ha sjåførbytte/ekstra sjåfør.

Korridor 6: Oslo – Trondheim med armar til Måløy, Ålesund og Kristiansund

Rv15 Måløy-Otta vert ofte stengt grunna ras eller rasfare. Mest utfordrande er strekninga Skåre-Breidalen og strekninga i Skredestranda. I tillegg er dagens tunnelar på Strynefjellet så smale og låge at mykje av næringstransporten vert tvinga til å nytte lange omkøyringsvegar framfor raskaste vegen mellom denne regionen og E6 på Otta. Alt i 2007 vart det sett i gang utgreiingsarbeid for å finne ei framtidretta løysing mellom Stryn og Skjåk. Regjeringa Solberg vedtok i juni 2018 at Rv15 skal utviklast etter konsept B1 med mogleg arm til Geiranger i juni 2018. Når dette konseptet er gjennomført blir Rv15 ein av dei sikraste fjellovergangane aust-vest. For næringslivet på søre/indre Sunnmøre og i Nordfjord er det viktig at prosjektet vert prioritert for gjennomføring tidleg i planperioden. Når Rv15 vert stengd går det også utover kollektivtransporten som i tillegg til funksjon for reisande vestpå også er viktig for reisande i Ottadalen. Medan reisande vestpå vert sendt via lange omkøyringsvegar vert det ikkje sett opp alternativ transport i Skjåk kommune.

Programområdetiltak - prosjekt under 200 mill

E39 Volda-Moa.

I påvente av dei store investeringane må ein i første omgang konsentrere seg om framkomst og trafikksikring på dagens E39 mellom Volda og Moa. Ein må vere realistisk og innstilt på at ferjesambandet E39 Festøya-Solavågen skal fungere som trase for E39 i mange år enno, inntil det vert avløyst av vedtekne løysingar. Etter 01.01.2020 går det no ferjer kvart 20. minutt i store deler av døgnet. Dette sambandet er no både forutsigbart og har god kapasitet.

Utfordringa no er trafikktrygging som manglande og heilskapleg gang- og sykkelveg mellom Volda og Hovden, E39 Flyplasskrysset/Fv 5898 Torvmyrane. Alt dette er tiltak som ikkje krev dei heilt store investeringane og må kunne løysast tidleg i planperioden 2025-2036.

Kryss til Furene næringsområde

Krysset i handel og næringsområdet i Furene er ulukkesbelasta og har betydelege kapasitetsproblem i dei mest trafikkerte periodane. Dette går og utover kollektivtransporten. Handelsområdet er regionalt viktig og sett frå yrkes-sjåførar sitt synspunkt er ein uroa over trafikkveksten inn og ut av eit sterkt pressa område og kryssløysingane er vurdert å ikkje vere tilpassa dagens trafikkmengd.

Samstundes med bygging av nytt kryss i Furene, bør det også byggast den siste strekninga av gang-sykkelveg som manglar mellom Furene og Hovden. Strekninga er viktig for å legge til rette for auka sykkelbruk og redusere behovet for bruk av bil. Strekninga er prioritert i sykkelstrategien for Ørsta og Volda.

Flyplasskrysset

Flyplasskrysset er ulukkesbelasta og har betydelege kapasitetsproblem i dei mest trafikkerte periodane. Trafikkavviklingsproblema er også det viktigaste hinderet for å få etablert flybuss til flyplassen. I tillegg til flyplassen er det i området også etablert eller under etablering politi, ambulansestasjon og legevakt. Det er såleis svært viktig å få forbetra krysset også i høve beredskap.

Samstundes med bygging av nytt flyplasskryss, bør det også byggast den siste strekninga av gang-sykkelveg som manglar mellom Furene og Hovden. Strekninga er viktig for å legge til rette for auka sykkelbruk og redusere behovet for bruk av bil. Strekninga er prioritert i sykkelstrategien for Ørsta og Volda.


Etter at Samferdselsdepartementet har motteke innspela om prioritering frå fagetatane, fylkeskommunane, dei 4 største bykommunane (Oslo, Bergen, Stavanger og Trondheim), Sametinget og KS har dei planlagt å invitere den politiske kontaktgruppa og næringslivet samt interesseorganisasjonane til nye møte innan hausten 2023. Stortingsmeldinga om NTP 2025-2036 er venta lagt fram ved i mars 2024, og er venta vedteken i Stortinget i juni 2024.

Informasjon og svar vedkomande NTP-arbeidet er lett tilgjengeleg på regjeringa.no under Nasjonal Transportplan. Kommunedirektøren viser til ytterlegare informasjon om prosessen der.

Rune Sjurgard
Kommunedirektør

Utskrift av endeleg vedtak:

Møre og Romsdal fylkeskommune
Kommunane på Søre Sunnmøre
Sunnmøre regionråd



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Statens vegvesen Region midt
Fylkeshuset
6404 MOLDE

Dato: 19.12.2014

Uttale –varsel om oppstart av reguleringsplan for ferjefri kryssing av Romsdalsfjorden E 39

Syklistenes Landsforening (SLF) er kvardagssyklistenes viktigaste interesseorganisasjon. Organisasjonen har høg kompetanse innanfor planlegging og tilrettelegging for kvardagssykling og SLF arbeider for å betre forholda for sykkistar og for at sykling skal vere trygt og attraktivt for folk flest. FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal og engasjerer seg i saker som påvirker natur og friluftsliv i fylket. Vi ønskjer med dette å kome med ein felles uttale til oppstart av reguleringsplan for ferjefri kryssing av Romsdalsfjorden med ein ny E 69.

SLF og FNF jobber for at det skal vere enklare å velgje miljøvenlege transportformer, og at det skal finnast eit reelt alternativ til å nytte motoriserte kjøretøy. Eit godt, gjennomtenkt og tilrettelagt gang- og sykkelvegnett i byar, tettstader og mellom tettstader vil forhåpentlegvis føre til eit sunnare og sikrere miljø for innbygarane, som fristar til meir fysisk aktivitet.

Kryssing av Romsdalsfjorden

Vi viser til varsel om oppstart av reguleringsplanarbeide for ny E39 Ålesund - Molde, parsell Vik – Julbøen.

Pr dato er det ferje mellom Furneset – Molde med ei overfartstid på om lag 35 min, avstand 11 km og strekninga er flat (sjølvsagt). Denne løysinga gjer at alt folk uavhengig av om dei er gåande, syklande, bilande eller bussande kjem seg over fjorden. Pendlarar Molde-Vestnes har no ein enkel tilgang til sine arbeidsplassar på begge sider av fjorden. På Vestnes lar mange bilane stå på Furneset kaia og går om bord mens andre bruker sykkel hele vegen. Ved ny E 39 vil denne moglegheta falle bort og vil resultere i auka bilkøyning og ein (nedleggingstrua? hurtigbåt som er både dyrare og med få avgangar der ein ikkje lenger kan

Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal

Idrettsvegen 2, 6413 MOLDE

Mob: 46 43 14 27 E-post: moreogromsdal@fnf-nett.no

Kontonr. 4202 32 54314 www.fnf-nett.no

velje miljøvenleg transport. I ytre strøk vil ein eventuell nedlegging av av ferja Dryna-Brattvåg true en viktig sykkelrute mellom Ålesund og Molde.


Den løysinga som no ligg føre (som forslag frå Statens Vegvesen) slik som vi oppfattar det, vil redusere moglegheit for å krysse Romsdalsfjorden på sykkel betydeleg, både for pendlarar/kvardagssyklister og ferie/tursyklistar, noko som er stikk i strid med den nasjonale sykkelstrategien.

Vi vil i det følgjande gjere greie for korleis vi ser på tunnellar generelt og for korleis vi ser på den løysinga som er skissert for fjordkryssing av Romsdalsfjorden.

Vegen for alle ?

Vi registrerer ein stor stort politisk iver i å realisere fleire tunnellar knytt til rassikring eller fjordkryssingar som utelukkande fokuserer på rask og effektiv motorisert ferdsel. Desse stenger automatisk ute ikkje motorisert kjøretøy frå å bruke offentleg veg. Diverre blir ikkje folkehelse, turisme og miljøvenleg transport knytt til dei gåande og syklande dratt fram når ein tenkjer samferdsleløyningar.

Dei seinare års vegløyningar med stadig nye tunnellar skaper hindringar for dei syklande spesielt. Kart laga av internasjonale sykkelentusiastar/sykkelorganisasjonar viser med tydelegheit at hindringane er ytterst reelle (sjå <http://www.cycletourer.co.uk/maps/tunnelmap.shtml>).



Nettside – Norske tunneller

Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal

Idrettsvegen 2, 6413 MOLDE


Mob: 46 43 14 27 E-post: moreogromsdal@fnf-nett.no

Kontonr. 4202 32 54314 www.fnf-nett.no

Vegen eig vi alle. Eller gjer vi det ? Ein løysing med tunnel er jo ikkje for dei som går, sykklar eller som får klaustrofobisk oppleving med tunnel. I ein slik setting er ei tunnelloysing ekskluderande for ein større del av befolkninga. Og den er ekstremt ekskluderande for syklistar då sykkel beveger seg over langt større avstandar enn dei gåande.

Vi har allereie i dag flust med tunnellar som stenger ute syklistar frå offentleg veg medan det ikkje finnes eit reel alternativ då omvegane er både lang og trafikkfarlege (sjå dei raude markeringane på kartet under) og bussforbindelser er dårlege, tungvinte og kostbare.

Sykkelturisme med framtid ?



Kart – tunnellar i regionen Romsdal/Nordmøre (raude er ikkje syklebare)

I tillegg til å redusere kvardagssykling og fremme bilkjøring, vil alle desse utestengingane av syklistar lett føre til kroken på døra for langdistansesykling på dei viktigaste transportaksane i fylket. Ikke minst går dette ut over sjøldreve (self supported-) sykkelturisme. Årleg er det mange feriersyklistar som besøker vår region. Og sykkelturisme er i sterk vekst. Det er både norske, men særlig mange utenlandske tursyklistar som frekventerer strekninga Oppdal - Kristiansund - Atlanterhavsveien – Molde – Ålesund - Åndalsnes. Skuffa er dei kvar gong dei møter dei sykkelstengte tunnellar.

Ny tunnel under Romsdalsfjorden (i tillegg til den vi allereie har ved Fannefjordstunnellen) vil sette ein effektiv stopper for syklistanes besøk i vår region. Dei sprekaste vil vel velgje dei lange omvegane medan den vanlege tursyklisten velgjer å gjere lovbrøt ved å sykle gjennom tunnellen likevel. Andre vil skrinleggje planane.

Korleis løyse floka ?

Det må takast på alvor utfordringa ein får ved tunnellar som vegløyising for dei gåande og syklende. Det må kome gode alternative løysningar for å bøte på den store ulempa ein påfører syklistane. Sykling har aldri vore så populært som no og også sykkelturismen er i rask vekst. Det føreligg dessutan sterke føringar i nasjonal transportplan for å auke sykkeldelen og ikkje, som i denne plana, å redusere den. Tilbodet skal difor ikkje vere dårlegare enn i dag men heller styrkast.

Vegloven krev at alle veganlegg skal ha et tilbod til gåande og syklende jfr forskrift om anlegg av offentleg veg fastsatt av Samferdselsdepartementet 29. mars 2007 med heimel i veglov 21. juni 1963 nr. 23 § 13, jf. § 9:

- § 1. *Virkeområde*

Forskriften gjelder utforming og standard ved planlegging og bygging av offentlige veger og gater, jf. vegloven § 1. Forskriften kan fravikes av Samferdselsdepartementet.

- § 3. *Vegnormaler*

7. Ved planlegging og utbygging av vegnettet skal det fastlegges hvordan gang- og sykkeltrafikken skal avvikles.

Med andre ord krevst det ein vurdering av korleis sykkeltrafikken kan ivaretakast (i tråd med krav i Vegloven) om sykling i tunnelen ikkje blir tillete. Denne forskriften er fraveke mange gonger ved tidlegare vegutbyggingar i vårt fylke, men kravet er at det berre er Samferdselsdepartementet som kan bestemme at forskrifta skal fråvikast.

Molde-Ålesund

Om busstransport skal nyttast, så må dette vere eitt breitt tilbod på alle bussar og må vere kostnadsfritt for person med sykkel. (Jmfr. Elbil-ordninga i tunnelar og bom-stasjonar). Når el-bilen blir tilgodesett så til dei grader bør sykkelen få minst like store fordelar. Ville el-bilistane ha likt å vente i mange timer for å bli satt på eit anna framkomstmiddel for å kome seg gjennom tunnelen og attpåtil måtte betale for det ?

Molde-Vestnes

Til aksene Molde-Vestnes er Hurtigbåten det absolutt beste alternativet. Det er derfor viktig at planen har som premiss at hurtigbåten skal styrkast og oppretthaldast. Utan ein slik premiss brytast forskrifta til vegloven som seier at plana skal vise korleis tilbodet til gåande og syklende ivaretakast. Frekvens og pris på tilbodet er av stor betydning. Det skal ikke vere dyrare å krysse fjorden for ein syklist (eller gående) med hurtigbåt etter at ferja blir lagt ned.

Langsiktig nok ?

Vi ser at ein i arbeidet med Møreaksen/kryssing av Romsdalsfjorden meiner å planlegge for framtida, men vi lurar på om ein tenkjer framtida i tilstrekkeleg langt nok perspektiv. Dagens trafikkprognoser med sterkt aukende biltrafikk, privat/nyttekjørety, basert på framdrift med i hovudsakleg fossile brensel, har vi ingen garanti for gjeld meir enn 10 år. Mest truleg får vi restriksjonar på bruk av fossilt brensel til berre eigennytte/rekreasjonskøyning. Samtidig ser vi framveksten av elbilane. Elbilane er meir miljøvenlege og dei slepp heller ikkje ut eksos, noko som mogleggjer rørsle i lukka rom (til dømes tunnellar) av gåande og syklande.

Bruken av sykkel som framtidig alternativt transportmiddel, er vi nokså sikre på er jamnt aukande. Tunnellar i fjell, under/over sjøflaten, står «evig». Seinare utvidingar av desse for tilpassing til nye behov (les sykkeltrafikk) er i praksis umogleg utan stenging i lengre periodar. Det kan difor vere meir framtidsretta å sette av ekstra breidde i den første anleggsfasen til eit framtidig areal til dei gåande og syklande når «eksostransporten» opphøyrer.

Elles er det no fristande å gjere planleggarane av denne fjordkryssinga merksame på at det nett no i landet vårt arbeidast med alternative løysingar for å etablere samanhengande sykkel-traséer. Foreninga ITS Norge (ITS Norge - Intelligente transportsystemer, medlemsforening for alle aktører i transportbransjen promoterer auka bruk av IKT i transportsektoren og har som mål å gjere transporten reinare, sikrere og smartare.

ITS Norge ønskjer å bidra til kompetanseoppbygning rundt dette ved å utfordre dagens studentar til å utvikle et automatisk kjørety-konsept for å frakte sykklar igjennom trafikkerte tunnelar. Norge har ikkje nokon bilindustri, men vi har sterke fagmiljø innan automasjon og vi har lange tunnelar som det ikkje er lov å sykle gjennom. For å etablere sammenhengende sykkel-traséer foreslåes det difor å etablere ei automatisk «Sykkelferge» for tunnelar (sjå http://www.its-norway.no/ikbViewer/page/fagmiljo/aktuelt/artikkel?p_o=811923&p_menu=811884&p_sub_menu=811867&p_document_id=915448)

Vi saknar generelt nokre meir heilheitlege tankar om langsiktigheit i planlegginga av fjordkryssinga. Å slå tunnelar kan vi i dette landet (og det har vi kunna lenge), men å forutsjå kva framtidas samfunn treng av infrastruktur knytt til transport krev nye tankar. For det vi er mest sikre på er at jo at kloden ikkje tåler utsleppa av trafikken slik han er no. Trafikken må ned, og den trafikken som blir igjen må vere snillare mot kloden. Det som aldri har slått feil så langt er at når ei ferje blir erstatta med veg av eit eller anna slag, går trafikken opp. Nokre gonger forferdeleg mykje opp også. Det kan vere eit poeng å erstatte ferje med løysingar som gir frie val til å køyre når ein vil, men då må ein gjere noko med trafikken så han ikkje aukar. Etter kvart kan ferjedrifta bli gunstigare med omsyn til utslepp. Viss ein kan gå ned litt på farten t.d. så er det mykje å spare, og etter kvart kjem batteriferjene som moglegvis kan bli ei god løysing. Dette CO2-rekneskapet som er referert har ein del føresetnader. Det er vesentleg større moglegheiter for reduksjon i ferjedrifta, viss ein må, enn i vegløyningane.

Konklusjon - oppsummering

Vårt hovedinntrykk er at «vegghaldar» Statens vegvesen ser sykkeltrafikk som uviktig i dette prosjektet. Jfr føresegn etter Vegtrafikkloven §13 skal syklistane sin plass i trafikkbiletet avklarast ved all planlegging og utbygging av det offentlige vegnettet. Vi kan ikkje sjå at syklistane og dei gående sine interesser her er ivaretekne på ein god måte og i tråd med gjeldande lovverk i landet vårt. Vi meiner at kostnadene ved å følge loven må vere ein del av kostnadene ved å bygge tunnel.

Tilbodet for syklistane kan ikkje vere dårlegare enn i dag, tvert imot bør det vere betre for ikkje å svekke konkurranseforholdet ovanfor bil. Dette er vårt felles ansvar å løyse. Men det er fylkeskommunale initiativ og vedtak som står bak det aller meste av problema dette skaper for syklistar og slik sett er det også fylkeskommunen som burde vere ansvarleg for å løyse dei ?

Vi ser at offentlege myndigheiter snakkar mykje om miljøvenlege løysingar innan transport. Her har ein moglegheita til å vise at ein meiner alvor med sine miljøfyrtårn og klimamål. **Vi ber om at ein ved kryssing av Romsdalsfjorden også gjer denne strekninga tilgjengeleg for syklende.** Ein må våge å satse samferdselspengar til tilrettelegging for syklistane og ikkje ta krokfot på all ikkje-motorisert rørsle.

Om ein velgjer å gå vidare med planane med tunnel ber vi om at ein gjer greie for;

1. Ein vurdering av korleis sykkeltrafikken kan ivaretakast (i tråd med krav i Vegloven) om sykling i tunnelen ikkje blir tillete.
2. Hurtigbåt Molde – Vestnes oppretthaldast og styrkast. Det skal ikkje vere dyrare å krysse fjorden for ein syklist med hurtigbåt etter at ferja blir lagt ned.
3. Det må settast krav om at bussar bør tilpassast sykkeltransport ved tinginga av alle nye bussar som skal gå på strekninga der det ikkje er råd å sykle.
4. Det må etablerast eigne oppstillingsplassar for sykkel ved begge endar av tunnelen der bussen kan plukke opp syklist samt sykkel. Dette inneber også ei tavle med informasjon om transporttilbodet.
5. Det skal vere gratis for sykkel og syklist på bussen, dette for å kompensere for dei store ulempane syklistar blir påført, då bussen har færre avgangar enn ferja. Ein står dessutan i fare for å bli avvist av sjåføren når det ikkje er plass til sykkel.
6. Bussen må kunne handtere opp til 4 syklar pr tur (familie med to syklende barn)
7. Det må vere enkelt å lempe sykkelen på bussen (sykkelkrok/sykkelstativ)
8. Vi ber Vestnes kommune, Midsund kommune, Molde kommune og Vegvesenet sjå på Nasjonal transportplan knytt til sykkelstrategi og sette seg opp eigne målbare mål for sin strategi for syklende på strekninga indre aksen Molde-Vestnes og ytre aksen Molde-Ålesund

9. Vi ber om at ein greier ut alternative løysingar for fjordkryssing gjeve ved døme «Sykkelferja» omtala ovanfor og sett samfunnets langsiktige behov fremst.

Helsing

Berry van der Bosch
Sylstenes Landsforening

Ingbjørn Bredeli
Forum for Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal

Møre og Romsdal fylkeskommune

Dykkar referanse:

Vår referanse:
21/2744, 23/69691

Arkivkode:
033

Dato:
21.06.2023

Innspel til ny nasjonal transportplan

Ørskog kommunedelsutval gjorde i møte slikt samrøystes vedtak om innspel til ny NTP:

Ørskog KDU ber fylkespolitikarane ta inn over seg tettstaden Sjøholt sine store utfordringar med den enorme auken i trafikken på E39/E136.

Ørskog KDU ber om at Møre og Romsdal fylke spelar inn til ny NTP at det er langt viktigare å prioritere utbetring av vegar på land enn fjordkryssingar. Ei utsetting av ny trase for E39/E136 vil ha svært store ulemper for utviklinga av Sjøholt for realiseringa av ein gjennomarbeidd reguleringsplan med stor medverking og for livskvaliteten til innbyggjarane her. E136 (Eksportvegen) er same veg som E39 frå Ålesund til Ørskogfjellet, og må prioriterast. Ei utsetting vil og ha store konsekvensar for eksportindustrien med den flaskehalsen denne traseen er.

Sjølv om fristen for høringsinnspel er gått ut, ber kommunedelsutvalet fylkeskommunen sjå på innspelet.

Med helsing
Ingrid Rekdal Hjelle
seniorkonsulent
Politikk og kommunikasjon

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur



VEDLEGG 2

Nasjonal transportplan 2025 – 2036 - høyringsinnspel

Formannskapet sitt vedtak, oppretta etter handsaminga:

Høyringsinnspel frå Ørsta kommune til Nasjonal transportplan 2025-2036:

1. Riksvegkorridorane for vår region

- Prosjekt over 200 mill
 - E39 Volda – Ålesund
 1. E39 Voldatunellen
 2. E39 Ørstafjordkryssing
 3. E39 Vartdalsfjordkryssing/Hafast
 4. E39 Vegsund-Breivika
 - Strynefjellstunellen konsept B1 med arm til Geiranger (Rv 15 Måløy – Otta)
 - E39 Byrkjelo – Svarstad – Grodås
- Prosjekt under 200 mill
 1. Rundkøyring i flyplasskrysset, E39
 - a. Gang/sykkelveg E 39 flyplasskrysset - Åsen
 2. E39 Ørsta sentrum – Festøya (Vartdalsstranda)
 - a. Lianeset – Liadal
 - b. Moldvikneset – Masdal
 - c. G/S-veg Barstadvik, Storelva - Hjellen
 3. E39 Ørsta sentrum
 - a. Ny Ose bru
 - b. Div. tiltak gjennom Ørsta sentrum
 - c. Rundkøyring E39 x fv 5902 Melsvegen
 4. E39 Hovden – Ose
 - a. E39 x Industrivegen, nytt kryss og bygging av busslommer, underganger og kryssingspunkt for mjuke trafikantar

2. **Eit godt vegnett i heile Norge.** Ørsta Eit godt vegnett i heile Norge. Ørsta kommune viser til store utfordringar med fylkesvegane i Møre og Romsdal, med eit etterslep på ca 12 mrd kr. NTP må omfatte også det fylkeskommunale vegnettet, jf regionreforma. Staten overførte mange tidlegare riksveggar i dårleg stand, og må ta eit med-ansvar gjennom eit nasjonalt fylkesvegløft på minimum 5 mrd årleg i 10 år. Dei dårlege fylkesvegane er no ei nasjonal utfordring, og gjeld både tunellar, bruer, skredsikring og vegstandard. Nasjonal Transportplan må prioritere opprusting og vedlikehald av veg nær brukarane. Dette vil på sikt gi god måloppnåing nasjonalt og gi stor samfunnsøkonomisk lønsemd.

3. **Sjø/ferje.** Ferje er ein del av vegen. Ørsta kommune finn det positivt at regjeringa har innført gratis ferje for dei minst trafikkerte fergestrekningane. Kommunen peikar likevel på at NTP må legge opp til ei vesentleg betre finansiering enn dagens modell, som påfører næringsliv og fastbuande langs kysten altfor høge kostnader. Nasjonal ferjestandard er for lav, og inneber for få avgangar for næringsliv og innbyggjarar. Fergetilboda er ein del av vegnettet og må sikrast god regularitet og føreseielege vilkår. Ørsta kommune ser fram til realiseringa av Stad skipstunnellsom no ligg inne i NTP.
4. **Luftfart.** Ørsta kommune viser til at regjeringa har sikra ei betre finansiering av kortbanenettet frå 2024, noko som er eit avgjerande grep for å sikre god kommunikasjon for distrikta. For Søre Sunnmøre er det viktig at rute frå Ørsta Volda lufthamn Hovden til Trondheim vert prioritert i ny NTP. Behovet for ei slik rute er naudsynt mellom anna fordi regionen er knytt til Helse-midt. Vårt næringsliv har behov for kommunikasjon til Trondheim og NTNU. Ørsta Volda lufthamn har stor og aukande aktivitet, difor er det viktig å sikre god og trafikktrygg tilkomst gjennom rask realisering av nytt flyplasskryss med rundkøyring.

Det er eit nasjonalt mål å klargjere kortbanenettet på Vestlandet for elektriske fly. Kupert topografi og relativt korte avstandar gjer at det ligg til rette for ei slik elektrifisering. Ørsta kommune meiner at det bør settast av statlege stimuleringsmidlar for å føre fram forsyningskapasitet og etablere batteribankar ved desse lufthamnene for å sikre gjennomføring av dette målet.

Nasjonal transportplan - Innspel til høyring av transportverksemdene sine svar på NTP-opdrag

Dokumentinformasjon:

Saksbehandlar: Regine Bruteig	Arkivsak: 23/4251
E-post: postmottak@alesund.kommune.no	Journalpost: 23/42221

Behandling:

Saksnummer:	Utval:	Dato:
054/23	Ålesund formannskap	23.05.2023

054/23 - Ålesund formannskap

Vedtak:

Ålesund formannskap gir følgjande innspel til transportverksemdene sine svar på nasjonal transportplan-opdrag:

E39/E136 Breivika – Ørskogfjellet – Molde/ Dombås

Ålesund kommune ber om at det mest miljø-, natur- og klimavennlige alternativet blir valgt, også for traseen Ålesund- Molde. Det er ikke behov for å oppskalere veinettet til motorveier med firefeltsvei, men øke trafikksikkerheten på eksisterende traseer og eksisterende trasè må opprettholdes med sikringstiltak og vedlikehold. Dette er avgjørende for å bevare viktige naturområder, samtidig som sikkerheten på eksisterende vei økes.

E 136 Ålesund – Dombås er den viktigste transportåren ut og inn av fylket for eksport og import av varer. Store verdier som vert frakta på denne vegen daglig samsvarer dårlig med standarden på veien. Nye Veier AS må sikres midler til å bygge ut de prioriterte utbetringene i Romsdalen og det må sikrast midlar i NTP til å planlegge og bygge ein trase som både sikrar drikkevasskjelda Brusdalsvatnet, som legg gjennomgangstrafikken utanfor Sjøholt sentrum, og som tek omsyn til bustadområda på Valle og Svorta.

De delene av denne strekningen som er felles med E39 på land mellom fjordkrysningene i fylket, må prioriteres bygd først.

E39 Breivik - Molde

Statens Vegvesen foreslår å ta ut strekningen E39/E136 langs Brusdalsvatnet helt ut av nasjonal transportplan 2025-2036, det samme gjelder strekningen Digerneset – Ørskogfjellet. Det begrunnes med at de vil prioritere strekningen Vik-Molde først, og at det er stram økonomi. Statens vegvesen har ikke foreslått en utsettelse, men de har foreslått å ta disse prosjektene helt ut av NTP. Siden Møre og Romsdal fylkeskommune er kommet langt på vei med det grønne skiftet innen fergedriften, er det nå langt viktigere å prioritere utbedring av veier på land enn fjordkryssinger.

E 39 Veibustkrysset - Breivika

Strekninga har tidligere vært inne i NTP, men er tatt ut. Vegdirektoratet har nå fått Statens vegvesen sitt planforslag for ny tunnelloysing til gjennomgang og kvalitetssikring. I tillegg må ny Vegsund-bro inkluderast. Prosjektet er dermed snart klart for realisering og må inn igjen i NTP.

Denne strekninga er den mest trafikkerte strekning i Møre og Romsdal, og den har mellom anna en ÅDT langt over terskelverdiene for to tunnellopp. På en tilfeldig dag viste Statens vegvesen sine åpne trafikkdata at det passerte i underkant av 26.000 bilar. Det må bygges nytt tunnellopp for å redusere risikoen for alvorlige ulykker.

Tilskuddsordning til fem mindre byer som ikke er omfatta av byvekstavtaler

Tilskuddsordninga til dei fem byområda som ikke er omfatta av byvekstavtaler er et viktig verktøy for å nå nullvekstmålet i disse byområda, og må derfor vidareføres uten opphold. Alle de fem byområda har over mange år utarbeidet faglig grunnlag i tråd med nasjonale mål og krav for å kunne ta imot en finansieringsordning. Byene trenger forutsigbarhet frå staten. Disse fem byene har samme transportutfordringer og har tilsvarende størrelser på de fem byområdene som i dag har tilgang til byvekstavtaler. Ramma på tilskuddet som settes av må minst være på samme nivå som i dagens NTP, det vil si minimum 150 mill. kr/år og totalt 1,8 mrd. kr for 2025-36.

Stad skipstunnel

Ålesund kommune mener at det må bevilges tilstrekkelig med midler til å gjennomføre byggingen av Stad skipstunnel.

Protokolltilførsel frå FRP:

Fremskrittspartiet støtter ikke utbyggingen av Ørskogfjellet-Vik og Møreaksen.

Behandling:

Forslag FrP Håkon Lykkebø Strand

Høringssvar NTP

Ålesund Formannskap mener at forslag til nasjonal transportplan (NTP) er en skandale for samferdsel i Møre og Romsdal, og spesielt på Sunnmøre. Viktige strekninger og prosjekt er satt ut i tid eller totalt fjernet fra NTP. Ålesund formannskap gir følgende innspill til transportvirksomhetene sine svar på nasjonal transportplan-oppdrag:

1. E-136 må prioriteres: Eksportvegen mellom Ålesund og Dombås er Møre og Romsdals viktigste veg, og det er viktig at staten prioriterer nok midler til Nye Veier AS for å sikre at strekningen Vestnes-Dombås utbedres så fort som mulig. Strekningen mellom Breivika og Digernes må bygges som 4-felts motorveg som samtidig skjermer brusdalsvannet. Strekningen fra Digernes-Ørskogfjellet må legge gjennomgangstrafikken utenfor Sjøholt sentrum, og ta hensyn til boligområdene på Valle og Svorta.
2. E-39 Vegsund-Breivika: Strekningen har tidligere vært inne i NTP, men er tatt ut. Vegdirektoratet har nå fått Statens vegvesen sitt planforslag for ny tunnellopsning til gjennomgang og kvalitetssikring. Prosjektet er dermed snart klart for realisering og må inn igjen i NTP. Denne strekningen er den mest trafikkerte strekningen i Møre og Romsdal, og den har blant annet en ÅDT langt over terskelverdiene for to tunnellopp. På en tilfeldig dag viste Statens vegvesen sine åpne trafikkdata at det passerte i underkant av 26.000 bilar. Prosjektet må derfor inn på NTP sin første 6-årsperiode.
3. Ålesund Formannskap mener også at Møreaksen (Fjordkryssing Vik-Molde) er sløsing med samferdselskronene i Møre og Romsdal og ber om at prosjektet skrinlegges for å prioritere utbedring og vedlikehold av veiene mellom ferjekaiene for å forebygge dødsulykker på Europaveistrekningene.

4. Ålesund formannskap mener at det må bevilges tilstrekkelig med midler til å gjennomføre byggingen av Stad skipstunnel.

5. Rv658 Ålesund-Vigra: Ålesund Formannskap mener at løsning for alternativ kryssing av Ellingsøyfjorden må planlegges ferdig, og at alternativet med Hovdelandsambandet er det beste alternativet for å avlaste Ellingsøytunnelen, samt E-136 forbi Brusdalsvatnet, og videre, hele vegen til Ålesund Sentrum/Ysteneset.

Forslag Kari Grindvik

E39/E136 Breivika – Ørskogfjellet – Molde/ Dombås

Ålesund kommune ber om at det mest miljø-, natur- og klimavennlige alternativet blir valgt, også for traseen Ålesund- Molde. Det er ikke behov for å oppskalere veinettet til motorveier med firefeltsvei, men øke trafiksikkerheten på eksisterende traseer og eksisterende trasè må opprettholdes med sikringstiltak og vedlikehold. Dette er avgjørende for å bevare viktige naturområder, samtidig som sikkerheten på eksisterende vei økes.

E 136 Ålesund – Dombås er den viktigste transportåren ut og inn av fylket for eksport og import av varer. Store verdier som vert frakta på denne vegen daglig samsvarer dårlig med standarden på veien. Nye Veier AS må sikres midler til å bygge ut de prioriterte utbetringene i Romsdalen og det må sikrast midlar i NTP til å planlegge og bygge ein trase som både sikrar drikkevasskjelda Brusdalsvatnet, som legg gjennomgangstrafikken utanfor Sjøholt sentrum, og som tek omsyn til bustadområda på Valle og Svorta.

De delene av denne strekningen som er felles med E39 på land mellom fjordkrysningene i fylket, må prioriteres bygd først.

E39 Breivik - Molde

Statens Vegvesen foreslår å ta ut strekningen E39/E136 langs Brusdalsvatnet helt ut av nasjonal transportplan 2025-2036, det samme gjelder strekningen Digerneset – Ørskogfjellet. Det begrunnes med at de vil prioritere strekningen Vik-Molde først, og at det er stram økonomi. Statens vegvesen har ikke foreslått en utsettelse, men de har foreslått å ta disse prosjektene helt ut av NTP. Siden Møre og Romsdal fylkeskommune er kommet langt på vei med det grønne skiftet innen fergedriften, er det nå langt viktigere å prioritere utbedring av veier på land enn fjordkryssinger.

E 39 Veibustkrysset - Breivika

Strekninga har tidligere vært inne i NTP, men er tatt ut. Vegdirektoratet har nå fått Statens vegvesen sitt planforslag for ny tunnelloysing til gjennomgang og kvalitetssikring. I tillegg må ny Vegsund-bro inkluderast. Prosjektet er dermed snart klart for realisering og må inn igjen i NTP. Denne strekninga er den mest trafikkerte strekning i Møre og Romsdal, og den har mellom anna en ÅDT langt over terskelverdiene for to tunnellop. På en tilfeldig dag viste Statens vegvesen sine åpne trafikkdata at det passerte i underkant av 26.000 bilar. Det må bygges nytt tunnellop for å redusere risikoen for alvorlige ulykker.

Tilskuddsordning til fem mindre byer som ikke er omfatta av byvekstavtaler

Tilskuddsordninga til dei fem byområda som ikke er omfatta av byvekstavtaler er et viktig verktøy for å nå nullvekstmålet i disse byområda, og må derfor vidareføres uten opphold. Alle de fem byområda har over mange år utarbeidet faglig grunnlag i tråd med nasjonale mål og krav for å kunne ta imot en finansieringsordning. Byene trenger forutsigbarhet frå staten. Disse fem byene har samme transportutfordringer og har tilsvarende størrelser på de fem byområdene som i dag har tilgang til byvekstavtaler. Ramma på tilskuddet som settes av må minst være på

samme nivå som i dagens NTP, det vil si minimum 150 mill. kr/år og totalt 1,8 mrd. kr for 2025-36.

Stad skipstunnel

Ålesund kommune mener at det må bevilges tilstrekkelig med midler til å gjennomføre byggingen av Stad skipstunnel.

Forslag Monica Molvær

E39 Solevågseidet – Breivika (Blindheimstunnelen)

Vegstrekninga har den største trafikkbelastningen mellom Bergen og Trondheim, og må sees i samanheng med E136 Eksportvegen. Strekninga har tidlegare vore i NTP, men er tatt ut. Vegdirektoratet har no fått Statens vegvesen sitt planforslag for ny tunnelloysing til gjennomgang og kvalitetssikring. Prosjektet er dermed snart klart for realisering og må inn igjen i NTP. Denne strekninga er den mest trafikkerte strekning i Møre og Romsdal, og den har mellom anna ein ÅDT langt over terskelverdiane for to tunnellop. På ein tilfeldig dag viste Statens vegvesen sine opne trafikkdata at det passerte i underkant av 26.000 bilar. Det må byggast nytt tunnellop for å redusere risikoen for alvorlege ulykker, på den mest ulykkesutsatte strekninga i fylket.

Vegsundbrua er 46 år gammel, og er kritisk for å sikre god beredskap. Denne strekningen har stor belastning og mange ulykker. Strekningen er også viktig for å sikre fremkommelighet for pendlere og næringsliv som skal frakte varer vidare på E136.

E136 – Eksportvegen Ålesund – Dombås

Eksportvegen er hovedpulsåren for fylket vår og den samlende samfunnsnyttan, både økonomisk og miljømessig, sier at denne strekningen må ha topp prioritet for hele regionen. Den viktigste veien inn og ut av fylket, er vår største utfordring og må prioriteres i NTP. Møre og Romsdal er et av de største eksportfylkene i Norge og veien er den viktigste åre inn og ut av fylket. Strekningen har dårlig vegstandard, krappe svinger, smale veier med farlege kryss og avkjørsler.

Det er en vei som er krevende å kjøre på sommerhalvåret, og det sier mye om hvor farlig denne strekningen er på vinterhalvåret. Deler av strekningen er også rasutsatt. Med livet som innsats, dunderer tungtransporten gjennom smale veier og frakter varer som produseres i vår region til resten av verden.

Ansvarsfordelingen mellom Statens Vegvesen og Nye veier er fornuftige tanker, men det må følge penger med dersom man skal få fortgang og effekt av å organisere veibyggingen på en annen måte og tenke utbygging av helhetlige strekninger.

E39/E136 Breivika – Ørskogfjellet

Statens Vegvesen foreslår å ta ut strekninga E39/E136 langs Brusdalsvatnet helt ut av nasjonal transportplan 2025-2036, det samme gjelder strekninga Digerneset – Ørskogfjellet. Det begrunnes med at de vil prioritere strekninga Vik-Molde først, og at det er stram økonomi. Statens vegvesen har ikke foreslått en utsettelse, men de har foreslått å ta disse prosjektene helt ut av NTP.

Ålesund kommune mener at prioritert byggestart for strekningen må starte i Breivika og at E39 må prioriteres fra Ålesund, som en del av E136. Dersom strekningen E39 Ålesund – Molde skal ha full effekt, må det bygges ut som ett prosjekt og det må settes av tilstrekkelige planleggingsmidler for strekninga Breivika – Vik.

Det er kritisk både for drikkevannskilden Brusdalsvatnet, men også for hele utbyggingen av E136 og avgjørende infrastruktur for utvikling av regionen vår og eksportveien. Det sikrer drikkevann til over 60.000 innbyggere, næringsliv og livsviktig offentlige institusjoner. Vi må finne en sikker løsning for drikkevannet.

E39/E136 gjennom Sjøholt sentrum er en stor belastning for innbyggerne og ei omlegging av gjennomgangstrafikken utenom Sjøholt må prioriteres i tid og med midler tidlig i NTP-midler. Strekingen gjennom Valle og Sjøholt må legges i tunneler utenom boligområdene.

Tilskotsordning til fem mindre byar som ikkje er omfatta av byvekstavtalar

Tilskotsordninga til dei fem byområda som ikkje er omfatta av byvekstavtalar er eit viktig verktøy for å nå nullvekstmålet i desse byområda, og må difor vidareførast utan opphald. Alle dei fem byområda har over mange år utarbeid fagleg grunnlag i tråd med nasjonale mål og krav for å kunne ta imot ei finansieringsordning. Byane treng forutsigbarheit frå staten. Desse fem byane har same transportutfordringar og har tilsvarende storleiker på dei fem byområda som i dag har tilgang til byvekstavtalar. Ramma på tilskotet som settast av må minst vere på same nivå som i dagen NTP, det vil seie minimum 150 mill. kr/år og totalt 1,8 mrd. kr for 2025-36.

Stad skipstunnel

Ålesund kommune mener at det må bevilges tilstrekkelig med midler til å gjennomføre byggingen av Stad skipstunnel.

Protokolltilførsel FRP Håkon Lykkebø Strand

Fremskrittspartiet støtter ikke utbyggingen av Ørskogfjellet-Vik og Møreaksen.

Votering:

Det vart først stemt over forslaget sett fram av FRP v/Håkon L. Strand. Forslaget fall med 4 mot 11 stemmer. Desse 4 stemte for: FRP (3), Kirsti Dale (SP). Deretter vart det stemt overforslaget frå Kari Grindvik (V). Forslaget fall med 7 mot 8 stemmer. Desse 7 stemte for: Kari Grindvik (V), Jarle H. Steffensen (MDG), Anders Lindbeck (SV), Vebjørn Krogsæter (SP), Hans Kjetil Knutsen (Å). Etter dette vart det stemt over forslaget sett fram av Monica Molvær (H). Forslaget fall med 7 mot 8 stemmer. Desse 7 stemte for: H (3), AP (2), Tore Johan Øvstebø (KRF), Vebjørn Krogsæter (SP). Kommunedirektøren si innstilling fall med 2 mot 13 stemmer. Desse 2 stemte for: Eva V. Aurdal (AP), Vebjørn Krogsæter (SP).

Til sutt vart dei to forslaga som fekk flest stemmer sett opp mot kvarandre. Forslaget frå Kari Grindvik (V) vart vedteke med 8 mot 7 stemmer for forslaget frå Monica Molvær (H). Desse 7 stemte for forslaget frå Molvær: H (3), AP (2), Vebjørn Krogsæter (SP) og Tore Johan Øvstebø (KRF).

Til sutt vart protokolltilførsel frå FRP v/Håkon L. Strand godkjent.

Kommunedirektøren si innstilling:

Ålesund formannskap gir følgjande innspel til transportverksemdene sine svar på nasjonal transportplan-oppdrag:

E39 Ålesund – Molde

Ålesund kommune vurderer at det er særskilt viktig at fergefri E39 Ålesund – Molde blir planlagt og

bygd ut som eit prosjekt.

Den nye vegen mellom Ålesund og Molde vil knyte regionane saman på ein måte som gir auka trafikantnytte, reduserte ulykkeskostnader og auka verdiskaping. Særleg den reduserte reisetida vil vere positiv for trafikantane, og ikkje minst for næringslivet som slik vil få reduserte transportkostnader.

Dersom traséen ikkje blir bygd ut som eit prosjekt, vil ein ikkje få ei god måloppnåing for vegprosjektet, som er å skape ein tettare bu-, arbeids- og næringsregion med kortare reisetid mellom byane. Dette må difor sikrast ved å det blir sett av tilstrekkeleg planleggingsmidlar for strekninga Vik – Breivika, slik at det kan lagast ein forpliktande plan om når heile strekninga skal stå klar.

E39 Vegsund – Breivika

Strekninga har tidlegare vore i NTP, men er tatt ut. Vegdirektoratet har no fått Statens vegvesen sitt planforslag for ny tunneløysing til gjennomgang og kvalitetssikring. Prosjektet er dermed snart klart for realisering og må inn igjen i NTP.

Denne strekninga er den mest trafikkerte strekning i Møre og Romsdal, og den har mellom anna ein ÅDT langt over terskelverdiane for to tunneløp. På ein tilfeldig dag viste Statens vegvesen sine opne trafikkdata at det passerte i underkant av 26.000 bilar. Det må byggast nytt tunneløp for å redusere risikoen for alvorlege ulykker

Tilskotsordning til fem mindre byar som ikkje er omfatta av byvekstavtalar

Tilskotsordninga til dei fem byområda som ikkje er omfatta av byvekstavtalar er eit viktig verktøy for å nå nullvekstmålet i desse byområda, og må difor vidareførast utan opphald. Alle dei fem byområda har over mange år utarbeid fagleg grunnlag i tråd med nasjonale mål og krav for å kunne ta imot ei finansieringsordning. Byane treng forutsigbarheit frå staten. Desse fem byane har same transportutfordringar og har tilsvarende storleiker på dei fem byområda som i dag har tilgang til byvekstavtalar. Ramma på tilskotet som settast av må minst vere på same nivå som i dagen NTP, det vil seie minimum 150 mill. kr/år og totalt 1,8 mrd. kr for 2025-36.

Saksgang:

Saka vert lagt fram for formannskapet for endeleg vedtak.

Grunngjeving: Formannskapet har fått delegert mynde til å gi høyringsuttale på kommunen sine vegne i saker av prinsipiell karakter. Formannskapet uttalar seg på vegne av kommunen i regionale og nasjonale høyringar av prinsipiell karakter.

Saksopplysningar:

Nasjonal transportplan (NTP) er ein viktig arena for samordning, utgreiing, styring og prioritering i samferdselssektoren. Transportplanen blir denne gongen utarbeidd i ei periode som er prega av ekstraordinære hendingar som krigen i Ukraina, energikrise og stigande prisar. Regjeringa har

difor framskunda framlegginga av planen med eit år, til våren 2024, for å få ein transportplan som er oppdatert og tilpassa utfordringane og omstillingsbehova landet står overfor.

Samferdselsdepartementet og nærings- og fiskeridepartementet gav dei statlege transportverksemdene to hovudoppdrag, eit utgreiingsoppdrag og eit prioriteringsoppdrag, i samband med utarbeiding av ny nasjonal transportplan. Departementet inviterer no til å gi innspel til svara på desse to hovudoppdraga, og også dei andre leveransane i oppdraget. Svara utgjer kjernen i samferdselsverksemdene sine faglege innspel til stortingsmeldinga om NTP som er planlagd lagt fram våren 2024.

Høyringsnotat med transportverksemdene sine svar finn de her: [Høring av transportvirksomhetenes svar på NTP-oppdrag - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no/horing-av-transportvirksomhetenes-svar-pa-ntp-oppdrag)

Møre og Romsdal fylkeskommune har invitert alle kommunane i fylket og andre aktørar til å gi innspel til fylkeskommunen sitt høyringssvar. Ålesund kommune har fått utsett frist til 10. mai med å gi innspel.

Innspel

Ålesund kommune har desse innspela til transportverksemdene sine svar på prioriteringsoppdraget:

E39 Ålesund – Molde

Ålesund kommune vurderer at det er sær viktig at fergefri E39 Ålesund – Molde blir planlagd og bygd ut som eit prosjekt.

Den nye vegen mellom Ålesund og Molde vil knyte regionane saman på ein måte som gir auka trafikantnytte, reduserte ulykkeskostnadar og auka verdiskaping. Særleg den reduserte reisetida vil vere positiv for trafikantane, og ikkje minst for næringslivet som slik vil få reduserte transportkostnadar.

Dersom traséen ikkje blir bygd ut som eit prosjekt, vil ein ikkje få ei god måloppnåing for vegprosjektet, som er å skape ein tettare bu-, arbeids- og næringsregion med kortare reisetid mellom byane. Dette må difor sikrast ved å det blir sett av tilstrekkeleg planleggingsmidlar for strekninga Vik – Breivika, slik at det kan lagast ein forpliktande plan om når heile strekninga skal stå klar.

E39 Vegsund – Breivika

Strekninga har tidlegare vore i NTP, men er tatt ut. Vegdirektoratet har no fått Statens vegvesen sitt planforslag for ny tunnelloysing til gjennomgang og kvalitetssikring. Prosjektet er dermed snart klart for realisering og må inn igjen i NTP.

Denne strekninga er den mest trafikkerte strekning i Møre og Romsdal, og den har mellom anna ein ÅDT langt over terskelverdiane for to tunnellop. På ein tilfeldig dag viste Statens vegvesen sine opne trafikkdata at det passerte i underkant av 26.000 bilar. Det må byggast nytt tunnellop for å redusere risikoen for alvorlege ulykker

Tilskotsordning til fem mindre byar som ikkje er omfatta av byvekstavtalar

Tilskotsordninga til dei fem byområda som ikkje er omfatta av byvekstavtalar er eit viktig verktøy for å nå nullvekstmålet i desse byområda, og må difor vidareførast utan opphald. Alle dei fem byområda har over mange år utarbeid fagleg grunnlag i tråd med nasjonale mål og krav for å kunne ta imot ei finansieringsordning. Byane treng forutsigbarheit frå staten. Desse fem byane har same transportutfordringar og har tilsvarande storleiker på dei fem byområda som i dag har tilgang til byvekstavtalar. Ramma på tilskotet som settast av må minst vere på same nivå som i dagen NTP, det vil seie minimum 150 mill. kr/år og totalt 1,8 mrd. kr for 2025-36.

Jon Steven Hasseldal
kommunedirektør

Utrykte dokument i saka:

[Høring av transportvirksomhetenes svar på NTP-oppdrag - regjeringen.no](#)

Jernbaneforum Dovre- og Raumabanen

► Mulighetsstudie Dovre- og Raumabanen

